



# Høringsnotat

## Forslag til endringer i krisesenterlova

---

Sendt på høring : 14. juni 2024

Høringsfrist: 16. september 2024

# Innholdsliste

---

1	Hovudinnhald.....	5
2	Bakgrunn .....	6
2.1	Vald i nære relasjonar .....	6
2.2	Krisesentertilbodet.....	8
2.2.1	Nøkkeltal 2023 .....	9
2.2.2	Finansiering.....	9
2.3	Kunnskapsgrunnlag .....	10
2.4	Behov for lovendringar .....	13
2.5	Om arbeidet med høyringsnotatet.....	14
3	Overordna om rettslege rammer .....	15
3.1	Konstitusjonelle og folkerettslege rammer.....	15
3.2	Vern mot diskriminering.....	16
3.3	Barn sine rettar .....	17
3.4	Hovudtrekka i krisesenterlovgivinga .....	18
4	Utanlandsk rett .....	19
4.1	Sverige.....	19
4.2	Danmark .....	21
4.3	Finland.....	22
5	Eit individuelt tilpassa tilbod .....	22
5.1	Bakgrunn.....	22
5.1.1	Tilbodet til barn .....	22
5.1.2	Personar med kjent rusmiddelproblem eller psykiske lidingar .....	24
5.1.3	Valdsutsette med funksjonsnedsetjing .....	24
5.1.4	Valdsutsette med kjæledyr .....	25
5.2	Gjeldande rett.....	25
5.3	Departementet sine vurderingar .....	26

5.3.1	Tilbudet til barn .....	27
5.3.2	Alternative butilbod.....	28
5.3.3	Krav til tilpassing.....	29
5.3.4	Fysisk utforming av lokale .....	29
5.3.5	Tilbudet til valdsutsette med kjæledyr.....	30
5.3.6	Særleg om kompetanse i krisesentertilbudet .....	30
6	Tilbudet til menn og barna deira .....	31
6.1	Bakgrunn.....	31
6.1.1	Kvinner og menn på krisesenter .....	31
6.1.2	Forskjellar mellom tilbudet til kvinner og tilbudet til menn.....	32
6.1.3	Særleg om transpersonar og ikkje-binære.....	33
6.2	Gjeldande rett.....	34
6.3	Departementet sine vurderingar .....	35
6.3.1	Felles krisesentertilbod for kvinner og menn i enkelte tilfelle.....	36
6.3.2	Vidareføre fysisk skilde butilbod for kvinner og menn .....	38
6.3.3	Oppsummering.....	39
7	Samvær for barn når forelder er på krisesenter.....	39
7.1	Bakgrunn.....	39
7.2	Gjeldande rett.....	41
7.3	Departementet sine vurderingar .....	42
8	Krisesentertilbudet til den samiske befolkninga.....	44
8.1	Bakgrunn.....	44
8.2	Gjeldande rett.....	45
8.3	Departementet sine vurderingar .....	46
9	Oppfølging i reetableringsfasen .....	47
9.1	Bakgrunn.....	47
9.2	Gjeldande rett.....	49

9.3	Departementet sine vurderingar og forslag .....	50
10	Gratisprinsippet i krisesentertilbodet: mat og reise.....	51
10.1	Bakgrunn .....	51
10.1.1	Om mat på krisesenter .....	52
10.1.2	Om utgifter til reise .....	53
10.2	Gjeldande rett.....	53
10.3	Departementet sine vurderingar .....	53
10.3.1	Om mat på krisesenter .....	53
10.3.2	Om utgifter til reise .....	55
11	Behandling av personopplysningar og oppslag i Folkeregisteret .....	55
11.1	Bakgrunn.....	55
11.2	Gjeldande rett.....	56
11.2.1	Personopplysningslova og personvernforordninga .....	56
11.2.2	Oppslag mot Folkeregisteret .....	61
11.3	Departementet sine vurderingar .....	61
11.3.1	Behovet for ei føresegn om behandling av personopplysningar... 61	
11.3.2	Føremålet med behandlinga av personopplysningar .....	62
11.3.3	Behandlingsansvarlege .....	63
11.3.4	Private aktørar .....	63
11.3.5	Heimel til å fastsetje forskrift om behandling av personopplysningar.....	63
11.3.6	Oppslag mot Folkeregisteret .....	64
12	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	64
13	Utkast til endringar i krisesenterlova.....	65

# 1 Hovudinnhald

Barne- og familiedepartementet føreslår i dette høyringsnotatet endringar i lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova).

Krisesenterlova legg til kommunane å sørgje for eit krisesentertilbod for kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Krisesentertilbodet i Noreg er godt, men det er avdekt enkelte svakheiter og departementet føreslår difor enkelte endringar i lova for å utbetre dette. Føremålet med forslaga er å styrke krisesentertilbodet slik at kvinner, menn og barn utsette for vald i nære relasjonar, får eit heilskapleg tilbod som er tilpassa behova og livssituasjonen deira. Høyringsnotatet drøftar vidare aktuelle problemstillingar på området der det ikkje blir lagt fram konkrete forslag, men der ein ber om innspel frå høyringsinstansane. Departementet presiserer at høyringsnotatet ikkje legg opp til at finansieringsrammene for tilbodet blir endra. Krisesentertilbodet skal framleis vere eit kommunalt tilbod finansiert gjennom kommuneramma.

Krisesentertilbodet skal vere tilpassa til dei individuelle behov til brukarane. Erfaring viser at enkelte grupper ikkje alltid får eit likeverdig tilbod samanlikna med andre. Barn inngår i målgruppa etter lova og skal òg ha eit tilpassa tilbod. Departementet ber om innspel på korleis det betre kan leggjast praktisk til rette for at barn som oppheld seg på krisesenter, og som har rett til barnehageplass, faktisk får gå i barnehage, sjå kapitel 5.

Departementet føreslår vidare å lovfeste at kommunen skal sørgje for likeverdige butilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte butilbodet slik det er i dag.

Departementet føreslår òg at det blir gitt ein forskriftsheimel i lova til å gi føresegner om fysisk utforming av krisesenterlokale, sjå kapitel 5.

Etter lova skal kommunane sørgje for at krisesentertilbodet «så langt råd er» blir lagt til rette for å kome dei individuelle behova til brukarane i møte. Det er eit spørsmål om denne avgrensinga i kommunane si plikt gir tilgang til å nedprioritere eit individuelt tilrettelagt tilbod til enkelte grupper. Departementet ber høyringsinstansane si vurdering av om formuleringa bør opphevast, sjå kapitel 5.

Enkelte valdsutsette vel å ikkje oppsøkje krisesentertilbodet fordi dei er redde for at kjæledyret deira kan bli utsett for vald eller ikkje blir tatt vare på om dei må bli att heime. Departementet ber difor om innspel frå høyringsinstansane på om det er behov for særskilde løysingar for kjæledyr, sjå kapitel 5.

Det er viktig at tilsette på krisesenter har kompetanse til å ivareta dei særskilde behova til brukarane. Departementet ber difor om høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for å gi meir detaljerte krav til kompetanse i ei forskrift og kva kompetanse det i så fall er behov for.

Alle kvinner, menn og barn skal ivaretakast i krisesentertilbodet, men i praksis har tilbodet til menn vist seg å vere mangelfullt samanlikna med tilbodet til kvinner.

Departementet drøftar ulike løysingar, mellom anna felles tilbod til kvinner og menn, og ber om innspel frå høyringsinstansane, sjå kapitel 6.

Det kan vere ei utfordring å vurdere om barn skal ha samvær med den forelderen som ikkje er på krisesenter. Departementet ber høyringsinstansane gi innspel til kva for rolle krisesentera skal ha når det gjeld å vurdere om barn skal ha samvær med den andre forelderen mens barnet er på krisesenter, sjå kapitel 7.

Departementet føreslår ei ny føresegn i lova om dei særskilde rettane til den samiske befolkninga, med mål om å gi eit betre krisesentertilbod til samiske kvinner, menn og barn, sjå kapitel 8.

Tidleg og koordinert hjelp er avgjerande for at brukarane av krisesentertilbodet skal kunne reetablere seg etter å ha opplevd vald i nære relasjonar. Departementet føreslår at det skal kome tydelegare fram av lova at krisesentertilbodet skal omfatte oppfølging i reetableringsfasen i samarbeid med andre deler av tenesteapparatet, sjå kapitel 9.

Krisesentertilbodet skal vere gratis, og departementet føreslår ei ny føresegn om at det ikkje kan krevjast eigendel for nokon del av tenesta. Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane til ei eventuell refusjonsordning for utgifter til reise til og frå krisesentera, sjå kapitel 10.

Departementet føreslår vidare ei ny føresegn om tilgangen til å behandle personopplysningar, og ei føresegn om oppslag mot Folkeregisteret og tilgang til teiepliktige opplysningar, sjå kapitel 11.

Departementet jobbar vidare med å vurdere om det er ytterlegare spørsmål som bør greiast ut, og at det kan vere aktuelt å høyre fleire forslag til endringar i krisesenterlova seinare.

## **2 Bakgrunn**

### **2.1 Vald i nære relasjonar**

Vald er eit alvorleg samfunnsproblem, både for den enkelte som blir råka av vald og for samfunnet. Dei samfunnsøkonomiske kostnadane av vald i nære relasjonar er store, og berekna til 92,7 milliardar kroner i 2021.<sup>1</sup> Kostnadene blir borne av valdsutsette, valdsutøvarar, pårørande, arbeidsgivarar, frivillig sektor og storsamfunnet.

Definisjonen av vald i krisesenterlova omfattar alle former for vald eller truslar om vald, medrekna fysisk, psykisk og seksualisert vald, og vald i form av økonomisk og sosial kontroll. Omgrepet «nære relasjonar» femner vidt. Det omfattar relasjonar nemnde i straffelova § 219, mellom anna vald utført av tidlegare eller nåverande ektefelle/sambuar,

---

<sup>1</sup> Pedersen, S., Johnsen F. F., Ljøgodt von Hanno, I. Myrvold, T. & Stokke, O. M. (2023) Samfunnskostnader av vold i nære relasjonar.

barn, foreldre mv., og vald frå kjærastar, søsken eller annan familie og slekt som ikkje bur i same husstand, eller som gjerningspersonen har i si omsorg.

I motsetnad til vald frå ein ukjend person, har ein valdsutøvar med ein nær relasjon til valdsofferet langvarig kontakt med offeret. Denne kontakten gjer at valdsutøvar i større grad kan utøve kontroll over den valdsutsette og dei daglege gjeremåla til vedkomande. Når vald finn stad i nære relasjonar, blir ofte konsekvensane omfattande og djuptgripande, både kjenslemessig, økonomisk, praktisk, mv. Valden kan vere så altomfattande at den som bryt forholdet vil kunne ha behov for beskyttelse i ein kortare eller lengre periode.

## Omfanget av vald i nære relasjonar

Ei undersøking av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) syner at 11 prosent av norske kvinner og 3 prosent av norske menn har vore utsette for alvorleg vald frå partnaren sin i løpet av livet.<sup>2</sup> All vald utgjer ein risiko for skade, men den grove, gjentakande eller kontrollerande partnarvalden kan få djuptgripande konsekvensar. Mange av dei som lever i eit valdeleg forhold treng hjelp til å bryte valdsyklusen. Nokre i form av rettleiing, andre i form av ein trygg mellombels stad å bu. Dei treng òg hjelp til å reetablere seg i eit valdsfritt liv. Vald i nære relasjonar rammar både kvinner, menn og barn. Kvinner er i vesentleg større grad enn menn utsette for den mest alvorlege valden, der bruk av psykisk og fysisk vald over tid ofte kan vere ein del av eit meir omfattande makt- og kontrollregime.

I NKVTS si ungdomsundersøking om erfaringar med vald og overgrep<sup>3</sup> hadde 17 prosent av ungdomane som vart spurde opplevd at mor hadde vore utsett for minst ei form for fysisk eller psykisk vald, medan 13 prosent hadde opplevd at far hadde vore utsett for dette. Det å vere vitne til vald mot ein forelder kan ha like alvorlege konsekvensar som sjølv å vere utsett og påverkar barn sine følelsar, utvikling og helse. Strafferettsleg kan det å la barnet vere vitne til vald mot den andre forelderen reknast som mishandling av barnet.<sup>4</sup>

Nokre grupper har større risiko for å bli utsette for vald enn andre. Totalt rapporterte 17,2 prosent av dei samiske kvinnene i SAMINOR-undersøkinga<sup>5</sup> om partnarvald, mot 11,8 prosent av ikkje-samiske kvinner. Studien viser òg at partnarvald ser ut til å vere dobbelt

---

<sup>2</sup> Dale, Maria Teresa Grønning, et al. «Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen.» NKVTS rapport 1 (2023): 2023.

<sup>3</sup> Gertrud Sofie Hafstad og Else-Marie Augusti (red.) «Ungdoms erfaringer med vold og overgrep i oppveksten. En nasjonal undersøkelse av ungdom i alderen 12 til 16 år». NKVTS Rapport nr. 4/2019.

<sup>4</sup> Rt-2010-129 og Rt-2010-949, som gjaldt gamal straffelov

<sup>5</sup> Astrid M. A. Eriksen mfl.: Intimate partner violence and its association with mental health problems: The importance of childhood violence – The SAMINOR 2 Questionnaire Survey. Scandinavian Journal of Public Health, 2021.

så vanleg blant kvinner som har vore utsette for vald i barndommen (ei av fem) enn blant dei som ikkje har opplevd dette (ei av ti). Det same mønsteret er funne blant menn.

Opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar viser til at innvandrarbefolkninga er meir utsett for vald og truslar, enn befolkninga elles. Kvinner med innvandrarakgrunn er meir utsette for vald enn både menn med innvandrarakgrunn og kvinner i befolkninga elles. Kvinner er ofte utsette for vald frå mannen dei er gifte eller sambuar med, nokre er i tillegg utsette for vald frå familien til valdsutøvaren. Det er likevel understreka at omfanget varierer med opphavsland.

Vidare er førekomsten av truslar, vald og overgrep gjennomgåande høgare blant transpersonar og bifile kvinner og menn, samanlikna med heterofile kvinner og menn, lesbiske kvinner og homofile menn.<sup>6</sup> Det er likevel lite kunnskap om omfanget av vald i nære relasjonar blant skeive.

Personar med funksjonsnedsetjing lever òg med større risiko for vald, truslar og overgrep enn det befolkninga generelt gjer. Statistisk sentralbyrå (SSB) si levekårsundersøking frå 2018 viser at 10 prosent av personar med funksjonsnedsetjing har vore utsette for vald eller truslar, mot 5 prosent blant befolkninga elles.<sup>7</sup> Norsk og internasjonal forskning viser at kvinner med funksjonsnedsetjing er utsette for dei same formene for vald som kvinner generelt,<sup>8</sup> men det ser ut til at frekvensen er høgare og overgrepa grovare enn for kvinner generelt.

## 2.2 Krisesentertilbodet

Krisesentera sprang ut av kvinnerørsla på 70-talet. Dei vaks fram som private tilbod basert på kvinnefellesskap. Visjonen var at valdsutsette kvinner treng eit trygt husvære og støtte frå andre kvinnelege bebuarar og medarbeidarar på krisesenter.

I 2010 vart krisesentertilbodet eit kommunalt ansvar regulert i krisesenterlova som sikrar eit likeverdig tilbod til heile befolkninga. Eit mål med lovfestinga av tilbodet var å tydeleggjere at det er eit offentleg ansvar å sørgje for at personar som er utsette for vald i nære relasjonar får vern, hjelp og oppfølging. Føremålet er å sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Sjå òg omtale av hovudtrekka i krisesenterlova under punkt 3.4.

Det er lagt til kommunane å sørgje for eit krisesentertilbod. Kommunane står fritt til å velgje korleis tilbodet vert organisert. Dei fleste krisesentera er eigde eller drifta i samarbeid mellom fleire kommunar, med ein vertskommune og fleire

---

<sup>6</sup> Anderssen, N., Eggebø, H., Stubberud, E. og Holmelid, Ø. (2021). Seksuell orientering, kjønns mangfold og levekår. Resultater fra spørreundersøkelsen 2020. Bergen: Universitetet i Bergen.

<sup>7</sup> SSB. Utsatthet og uro for lovbrudd, levekårsundersøkelsen. 2019

<sup>8</sup> Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Levekårsstatus for personer med nedsatt funksjonsevne. Trygghet og rettssikkerhet. 2021



samarbeidskommunar. Nokre krisesenter dekker store område, mens andre dekker éin eller få kommunar. Krisesentera har ulike organisasjonsformer. Av dagens 43 krisesenter er halvparten organisert som kommunal verksemd, hovudsakleg i form av vertskommunesamarbeid, medan ni senter er organiserte som interkommunale selskap. Vidare er seks krisesenter organiserte som stiftingar og sju som frivillige organisasjonar, som kommunar kjøper krisesentertjenester av.

### **2.2.1 Nøkkeltal 2023**

- 1 960 kvinner, 233 menn og 1 544 barn budde på krisesenter. 95 prosent av barna kom med mor si.
- 3 060 kvinner, 285 menn og 324 barn brukte dagtilbodet.
- 62 prosent av bebuarane hadde innvandrarbakgrunn
- 3 av 4 vaksne bebuarar og om lag 8 av 10 dagbrukarar og telefonbrukarar oppgav at valdsutøvar var enten noverande eller tidlegare ektefelle, sambuar eller kjæraste. For om lag 8 av 10 barn på krisesenter var far valdsutøvar.
- Dei fleste brukarane hadde vore utsette for vald frå ein mannleg valdsutøvar, høvesvis 91 prosent av bebuarane og 92 prosent av dagbrukarane. 17 prosent av bebuarane og 14 prosent av dagbrukarane var utsette for vald frå ein kvinneleg valdsutøvar.

### **2.2.2 Finansiering**

Då det vart lagd til kommunane å sørgje for eit krisesentertilbod, vart òg dei økonomiske ressursane til aktiviteten overført til kommunane. Frå 2011 vart statstilskotet til krisesentertilbodet på om lag 238 mill. kroner innlemma i rammetilskotet til kommunane. Krisesenterlova vart følgd opp med ein auke i rammetilskotet til kommunane, samstundes som det øyremerkte statstilskotet fall bort. Rammefinansiering gir rom for lokalt tilpassa løysingar og fremjar det kommunale sjølvstyret. Kommunane kan prioritere ressursane sine mest mogleg i samsvar med variasjonar i lokale forhold og kva behov som finst for ulike tenester. Dette er i tråd med det generelle prinsippet for finansiering av kommunesektoren. Samstundes er rammefinansiering ei av årsakene til at det er forskjellar mellom kommunane med omsyn til kor store økonomiske ressursar kommunane prioriterer til arbeidet. Hovudforskjellar gjeld tal på tilsette, om det er eit døgnope tilbod, tilstand på bygg, reiseavstand til nærmaste senter, befolkningsgrunnlag mv.

SSB publiserer statistikk om kostnader til krisesentertilbodet, basert på KOSTRA-statistikken. Ifølgje tal frå SSB var dei samla utgiftene til krisesenterformål på om lag 433 mill. kroner i 2022. Det er store variasjonar i kor mykje kommunane brukar av midlar og dermed i budsjetta til dei enkelte krisesentera. Det varierte i 2022 frå om lag 1,8 mill. kroner for Sør-Helgeland Krisesenter til om lag 35 mill. kroner for Oslo Krisesenter. Av dei 13 sentera der kommunane har ein samla kostnad til krisesenteret på under 6 mill. kroner, ligg 10 senter i Nord-Norge. Der har 5 senter budsjett på under 4 mill. kroner.

## 2.3 Kunnskapsgrunnlag

### *Krisesenterstatistikken*

Bufdir publiserer årlege tal og statistikk frå kriesesentera i norske kommunar. Føremålet med statistikken er å bidra til god kunnskap om innhaldet i og brukarane av kriesesentertilboda, til bruk for nasjonale styresmakter og kommunar i vidareutvikling av tilbodet, og til forskning og kunnskapsutvikling på området. Innrapporteringa til kriesesenterstatistikken er frivillig for kriesesentera og kommunane.

### *Evaluering av implementering av kriesesenterlova*

Velferdsforskningsinstituttet NOVA leverte i 2014 rapporten «Kriesesentertilbudet i kommunene. Evaluering av kommunenes implementering av kriesesenterloven». Den overordna konklusjonen var at kommunane var i ferd med å oppfylle den lovfesta plikta til å sikre eit kriesesentertilbod av god kvalitet for valdsutsette. Samstundes var kriesesentertilbodet for dårleg tilpassa fleire brukargrupper. Tilbodet til valdsutsette menn og barna deira var ikkje godt nok. Det same gjaldt tilbodet til valdsutsette personar med rusmiddelproblem eller alvorlege psykiske lidingar. Fleire senter var heller ikkje universelt utforma, og dermed ikkje tilpassa personar med funksjonsnedsetjing. Evalueringa viste òg svakheiter i den heilskaplege oppfølginga av brukarane gjennom samordning av tiltak mellom kriesesentertilbodet og andre delar av tenesteapparatet, og at kriesesentera opplevde ansvarsforholda i reetableringsfasen som uavklarte. Evalueringa nemnde òg at det er behov for ein auka innsats for å sikre at alle kommunane tar sitt lovpålagte ansvar.

### *Kunnskapsoversikt om kriesesentertilbodet*

Rapporten «Kommunenes kriesesentertilbud – En kunnskapsoversikt» av Nordlandsforskning og Likestillingssenteret KUN frå 2019 bekrefta mykje av det evalueringa til NOVA avdekte når det gjeld tilbodet til menn og barna deira, utsette med funksjonsnedsetjing, med rusmiddelproblem og/eller psykiske lidingar. Det vart i tillegg trekt fram at seksuelle minoritetar og samiske utsette heller ikkje fekk eit godt nok tilbod. Det vart òg peikt på at barn på kriesesenter ofte fekk avbrot i barnehage- eller skulegang og at sentera i for lita grad var tilpassa eldre barn. Nordlandsforskning og Likestillingssenteret KUN tilrådde ei nærmare vurdering av kravet om fysisk skilde butilbod for kvinner og menn, ei forbetring av tilbodet til barn, og tiltak som kan bidra til meir kunnskap om behov og løysingar for brukarar med tilleggsproblematikk. Dei viste òg til at det er behov for meir kompetanse om korleis ulike diskrimineringsgrunnlag samverkar, og økt merksemd på kva rolle kriesesentera bør ha i reetableringsfasen.

### *Kriesesentera si handtering av personopplysningar*

På oppdrag frå departementet utarbeidde advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiik i 2019 rapporten «Kriesesentrenes handtering av personopplysningar». Forfattarane fann at

krisesentera som hovudregel verken har rett eller plikt til å behandle personopplysningar om brukarar av krisesentertilbodet, utan samtykke frå brukaren. Praksisen som gjeld i dag, der krisesentera innhentar samtykke til behandling av personopplysningar, er i utgangspunktet i tråd med regelverket. Rapporten framhevar likevel nokre utfordringar med bruk av samtykke, til dømes kravet om at samtykket må vere informert. I rapporten blir det føreslått å gi ein lovheimel som alternativ til samtykke frå brukaren. Lovheimelen skal gi krisesentera høve til å registrere og bruke personopplysningar for å oppfylle dei pliktene som følgjer av krisesenterlova, med mindre brukaren set seg imot dette. Løysinga er òg føreslått å gjelde for barn som kjem til krisesenteret i følgje med ein vaksen. Rapporten peiker vidare på at det kan vere ei utfordring å avklare kva verksemd som er behandlingsansvarleg for personopplysningane, særleg der tenesta ikkje er ein del av den kommunale verksemda. Det kan føre til manglande etterleving av personvernregelverket. Rapporten føreslår ei plikt for kommunen til å ta stilling til behandlingsansvaret når kommunen kjøper krisesentertjenester samarbeider med andre kommunar om det.

### *Oppfølging i reetableringsfasen*

NORCE og NKVTS har utarbeidd ein rapport om arbeidet til kommunane og oppfølging i reetableringsfasen.<sup>9</sup> Hovudkonklusjonane er at dei kommunane som har den mest aktive tilnærminga til tilbodet, er vertskommunane der samarbeidet med andre kommunar har blitt forankra på eit overordna administrativt nivå. Forskarane er kritiske til anbodskonkurransar der spørsmålet om pris synest å vege tyngre enn andre omsyn som til dømes geografisk tilgjengelegheit. Rapporten skildrar vidare hjelpa i reetableringsfasen som til tider fragmentert, avgrensa og uoversiktleg og at hjelpeapparatet er avhengig av at krisesentera er pådrivarar i reetableringsarbeidet. Vaksne og barn på krisesenter har ikkje god nok tilgang til helsetenester, særleg gjeld det barn si moglegheit til å få psykisk helsehjelp. Rapporten understrekar at rettstryggleiken til barn er viktig og at dei regelmessig må bli høyrde om samværsavtaler og om den forelderen som utøver vald skal få tilgang til ulike typar opplysningar om barnet.

### *Partnardsutvalet*

Partnardsutvalet leverte i 2020 utgreiinga NOU 2020: 17 Varslede drap? Utvalet gjekk gjennom saker om drap der gjerningspersonen var dåverande eller tidlegare partner, og gav tilrådingar som kan bidra til å førebyggje slike drap i framtida. Utvalet fann ei rekke utfordringar ved handteringa og meinte at partnardsrap kan førebyggjast betre. Utvalet såg at dei offera som hadde vore på krisesenter hadde fått relativt god oppfølging. Utvalet påpeikar likevel manglande kommunikasjon og varsling til politiet og barnevern, manglande oppfølging etter utflytting frå senteret, manglande bruk av tolk, manglande oppfølging av barn og manglande journalføring og dokumentasjon.

---

<sup>9</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter–kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

## *GREVIO*

GREVIO er ein komité som overvakar korleis landa gjennomfører Europarådet sin konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbul-konvensjonen). GREVIO leverte i 2022 ei evaluering av korleis Norge følgjer opp sine forpliktingar etter konvensjonen.<sup>10</sup> Komitéen er kritisk til at Noreg i større grad har eit kjønnsnøytralt arbeid mot vald i nære relasjonar, og meiner at dette ikkje er i samsvar med føresegna i artikkel 2 om å vere særleg merksam på kjønnsmotivert vald mot kvinner. Når det gjeld krisesentertilbodet, peikar GREVIO på ei ujamn geografisk dekning, særleg i distrikta. Dei trekk fram at særleg samiske kvinner kan ha vanskar med å få eit tilbod. GREVIO peikar òg på manglar i tilbodet til enkelte grupper. Tilbodet til kvinner med rusmiddelproblem, med psykiske lidingar, og med funksjonsnedsetjingar vert særleg trekt fram. Komitéen understrekar òg at kvinner og menn må innkvarterast i separate lokale.

## *CEDAW*

FN sin komité for kvinneskimmingingskonvensjon (CEDAW) publiserte sine konkluderande observasjonar i februar 2023.<sup>11</sup> Komitéen merka seg variasjon i korleis kommunane følgjer opp krisesenterlova, noko som hindrar eit likeverdig tilbod for valdsutsette over heile landet. CEDAW merka seg òg at det ikkje finst eit samisk krisesentertilbod lenger. Komitéen tilrådde å løyve nok ressursar til tilbodet, samt å reetablere det samiske krisesentertilbodet.

## *Riksrevisjon*

Riksrevisjonen publiserte i juni 2022 Dokument 3:8 (2021–2022) om myndigheitene sin innsats mot vald i nære relasjonar. Riksrevisjonen konkluderte med at det er variasjonar i korleis kommunane følgjer opp krisesenterlova. Fleire kommunar oppfyller ikkje krava i forskrift 7. mars 2017 nr 282 om fysisk sikkerheit i krisesentertilbodet (sikkerheitsforskrifta) § 4, som mellom anna regulerer plikta til å gjennomføre individuelle sikkerheitstiltak. Vidare vart det peika på at samarbeidet med ulike tenestetilbod i kommunane er utilstrekkeleg fordi fleire av krisesentera ikkje har skriftlege samarbeidsavtalar med andre kommunale tenester. Riksrevisjonen merka seg at det er lang avstand til krisesentera i delar av landet, slik at det for enkelte valdsutsette er utfordrande å nytte seg av tilbodet. I tillegg peikte Riksrevisjonen på at nokre krisesenter er lavt bemanna, og at enkelte krisesenter manglar døgnbemanning.

---

<sup>10</sup> GREVIO. Baseline Evaluation Report Norway. GREVIO/Inf(2022)30

<sup>11</sup> Concluding observations on the tenth periodic report of Norway. CEDAW/C/NOR/CO/10

## 2.4 Behov for lovendringar

Kunnskapen skildra over viser at det er avdekt svakheiter ved krisesentertilbodet.

Stortinget har dei seinare åra fatta fleire oppmodingsvedtak som speglar dette:

- I samband med behandling av Dok. 8:134 S (2020–2021) fatta Stortinget vedtak nr. 972 av 25. mai 2021 om eigendel for mat i krisesentera.
- I samband med behandling av Dok. 8:119 S (2020–2021) fatta Stortinget vedtak nr. 1124 av 3. juni 2021 om å sikre tverrfagleg kompetanse om rus og vald i krisesentera.
- I samband med behandling av Dok. 8: 135 S (2021–2022) fatta Stortinget vedtak nr. 592 av 30. mai 2022 om krisesentertilbod til den samiske urbefolkninga.
- I samband med behandling av Dok. 8:168 S (2022-2023) fatta Stortinget vedtak nr. 782 av 7. juni 2023 om krisesentertilbodet til utsette grupper.
- I samband med behandling av Dok. 8:168 S (2022–2023) fatta Stortinget vedtak nr. 783 av 7. juni 2023 om rettleiingar til krisesenterlova.
- I samband med behandling av Revidert nasjonalbudsjett 2023 fatta Stortinget vedtak nr. 936 av 16. juni 2023 om oppgradering av krisesenterbygg.
- I samband med behandling av Prop. 36 S (2023–2024) fatta Stortinget vedtak nr. 611 av 7. mai 2024 om dekking av kostnader knytt til reiser til og frå krisesentera.

Forslaga i dette høyringsnotatet følgjer opp nokre av oppmodingsvedtaka.

Departementet har i tråd med utgreiingsinstruksjonen vurdert og sett i verk tiltak for å rette opp i svakheitene som er avdekte.

Bufdir som fagdirektorat for krisesentertilbodet, har spelt og spelar ei viktig rolle i dette arbeidet. Direktoratet har utarbeidd ein omfattande fagleg rettleiar om innhaldet i krisesentertilbodet med tilrådingar om korleis kommunane kan organisere eit heilskapleg krisesentertilbod. Direktoratet forvaltar ei tilskotsordning der kommunar kan søkje midlar for å styrke krisesentertilbodet til særleg utsette grupper. Tilskotsordninga har bidratt til å finansiere tiltak for å leggje krisesentertilbodet til rette for den samiske befolkninga og for utsette med rusmiddelutfordringar og psykisk helseutfordringar.

Vidare har statsforvaltarane ansvar for tilsyn av krisesentertilbodet og rapporterer til Bufdir. For å målrette tilsynet, har departementet gitt føringar på kva statsforvaltarane skal leggje særleg vekt på i sitt tilsyn. Aktuelle tema har vore tilbodet til valdsutsette med rusmiddelproblem, psykiske lidningar eller funksjonsnedsetjingar, oppfølging i reetableringsfasen, tilbodet til menn og barna deira, og oppfølging i reetableringsfasen etter avslutta opphald på krisesenter.

Bufdir skal vidare jobbe med å styrke krisesentera si rettleiing til brukarane når det er spørsmål om samvær med barn ved mistanke om vald, og med risikovurdering på krisesentera, jf. Prop. 36 S (2023-2024) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024–2028) Trygghet for alle*.

Nyare kunnskap om krisesentertilbodet viser at desse tiltaka i mindre grad enn ønskjeleg har bidratt til den ønskje styrkinga av tilbodet, jf. pkt. 2.3, og viser at reint pedagogiske og økonomiske verkemidlar i seg sjølv ikkje har vore tilstrekkeleg.

Eit anna alternativ som har vore vurdert, er å auke det kommunale handlingsrommet ved å gjere oppmjukingar i dei fastsette krava til kommunane, til dømes krav til sikkerheit og til individuell tilpassing. Med eit slikt grep vil ein etter departementet sitt syn gi signal til kommunane om at tilbodet slik det er no er tilstrekkeleg. Dette kan grunnleggjast med at tilbodet har vore stabilt over tid og vil halde seg stabilt viss ein vidarefører dei pågåande tiltaka. Etter departementet si vurdering er ikkje dette ei god løysing. Dette kan føre til større forskjellar i landet, noko som ikkje vil vere i tråd med målet om eit likeverdig tilbod. Det vil òg gå særleg utover dei mest sårbare gruppene som allereie møter barrierar når dei skal søkje hjelp, noko som ikkje er i tråd med dei menneskerettslege forpliktingane Noreg er bunde av, sjå kapittel 3.

Departementet har mottatt innspel om at sjølv om det kjem klart fram av lova at det er kommunane som er pliktsubjekt, er det ikkje klart kva som konkret ligg i ansvaret, og korleis kommunane skal forvalte det ansvaret. Dette, saman med at krisesentera på 70- og 80-talet vart etablert utanfor det kommunale systemet, har gjort at mange kommunar har overlata ansvaret for oppfølging av krisesenterlova til krisesentera sjølve.

På denne bakgrunn har departementet kome til at det er behov for å gjere nokre rettslege grep for å få tydelegare fram kva som ligg i ansvaret til kommunane. Det vil bidra til å avklare ansvarsforholdet mellom kommunane, krisesentera og statsforvaltaren som tilsynsorgan. Når det er sagt, vil nok ikkje lovendringar åleine vere tilstrekkelege for å utvikle eit godt fungerande krisesentertilbod, og departementet legg til grunn at det parallelt må gå føre seg eit arbeid med betring av praksis og rutinar. Det er eit mål at dette samla sett vil gi større bevisstheit om korleis kommunane kan jobbe for å styrke kvaliteten i tilbodet.

## **2.5 Om arbeidet med høyringsnotatet**

Det har vore arrangert fleire innspelsmøte med representantar frå krisesentera, kommunane, interesseorganisasjonane og statsforvaltarane. Både politisk leiing og embetsverket i Barne- og familiedepartementet har i tillegg besøkt krisesentera og fått innspel til arbeidet. Innspela har gitt ei verdifull innsikt i krisesentertilbodet og eit godt grunnlag for departementet sitt arbeid med høyringsnotatet.

### *Særleg om barn*

Departementet har ikkje lukkast med å hente inn innspel frå barn som oppheld seg, eller har opphalde seg på krisesenter. Dette kjem av at dei krisesentera som vart spurde syntest at det var vanskeleg å gi tilgang til barna som oppheld seg der. Når barna har flytta ut, har ikkje krisesenteret nødvendigvis kontakt med dei lenger. Stine Sofie stiftelsen har ei ekspertgruppe med barn som sjølv har opplevd vald, men ingen av dei hadde erfaring med krisesenter. Departementet har gjennom forskning og andre innspel fått klargjort konsekvensar for barn på ein tilfredsstillande måte, noko som gjer at omsynet til barnet sitt beste kan vurderast.

## 3 Overordna om rettslege rammer

### 3.1 Konstitusjonelle og folkerettslege rammer

Grunnlova og folkeretten utgjer rettslege skrankar for lovendingane som blir drøfta i høyringsnotatet. Forholdet til desse overordna rettslege rammene vil bli vurdert nærmare i samband med dei enkelte forslaga. Her er ei kortfatta oversikt.

Rettsvernet i Grunnlova vart utvida i 2014 ved innføringa av eit nytt kapittel E om menneskerettar. Ei rekkje av føresegnene i Grunnlova kapittel E vil representere skrankar for vurderinga av endringar i krisesenterlova fordi rettane i utgangspunktet gjeld alle som oppheld seg i Noreg, og vil i første rekkje dreie seg om følgjande føresegner:

Legalitetsprinsippet (§ 113), diskrimineringsforbodet (§ 98), retten til privat- og famieliv (§ 102), dei særskilde rettane til barn (§ 104), retten til samar som urfolk (§108) og retten til utdanning (§ 109).

Rettsreglane i Grunnlova skal tolkast i lys av dei internasjonale førebileta, jf. Rt. 2015 s. 93 avsnitt 57.

Fem sentrale menneskerettskonvensjonar er inkorporerte i norsk rett gjennom menneskerettslova frå 1999. Dette gjeld Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettार (ØSK), FNs konvensjon om sivile og politiske rettार (SP), FNs barnekonvensjon (BK) og FNs kvinnediskrimineringskonvensjon (KDK). Føresegner i desse konvensjonane vil ved motstrid gå føre anna lovgiving, jf. menneskerettslova § 3. Vidare er FNs konvensjon om rettane til menneske med funksjonsnedsetting (CRPD), som Noreg er bunden av, sentral.

Noreg har òg slutta seg til Europarådets konvensjon av 11. mai 2011 nr. 22 om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar CETS 210 (Istanbul-konvensjonen), som er sentral. Istanbul-konvensjonen pålegg medlemsstatane å sørge for eit krisesentertilbod.<sup>12</sup> Etter artikkel 1 er føremålet til konvensjonen mellom anna å «verne kvinner mot alle former for vald, og å førebygge, påtale og eliminere vald mot kvinner og vald i nære relasjonar».<sup>13</sup> For at dette føremålet skal realiserast, pålegg artikkel 23 medlemsstatane å «treffe dei tiltaka som er nødvendige for å opprette eit tilstrekkeleg tal med føremålstenlege og lett tilgjengelege krisesenter». Desse krisesentera skal «gi trygge husrom til offera, og særleg kvinner og barna deira» og skal «hjelpa dei på ein proaktiv måte». Istanbul-konvensjonen byggjer på føringane som er pensla ut i praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) og forpliktingane som følgjer av FNs kvinnediskrimineringskonvensjon. Det er oppretta ei ekspertgruppe for tiltak mot vald

---

<sup>12</sup> Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner CETS 210 (Istanbul-konvensjonen)

<sup>13</sup> Istanbul-konvensjonen artikkel 1 a.

mot kvinner og vald i nære relasjonar (GREVIO) som overvaker gjennomføringa av Istanbul-konvensjonen. Sjå omtale av GREVIO sin rapport om Noreg i kapittel 5.

### 3.2 Vern mot diskriminering

Det følger av Grunnlova § 98 andre ledd at «[i]ntet menneske må utsetjast for usakleg eller uforholdsmessig forskjellsbehandling.». Føresegna gir eit sjølvstendig og generelt diskrimineringsvern, og er ikkje knytt til bestemte diskrimineringsgrunnlag. Føremålet med eit generelt forbod framfor å liste opp spesifikke diskrimineringsgrunnlag er å sikre at all diskriminering som openbert er usakleg og har samanheng med vesentlege forhold ved ein person, blir omfatta, jf. Innst. 186 S (2013–2014) kapittel 2.1.6. Når det gjeld den generelle forståinga av føresegna elles, blir det vist til forklaringa i Prop. 81 L (2016–2017) kapittel 4.3.

Eit generelt og sjølvstendig diskrimineringsvern følgjer òg av FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 26:

Alle er like for loven og har uten noen form for forskjellsbehandling rett til lik beskyttelse av loven. I dette øyemed skal lovgivningen forby enhver form for forskjellsbehandling og sikre alle likeverdig og effektiv beskyttelse mot forskjellsbehandling på noe slikt grunnlag som rase, hudfarge, kjønn, språk, religion, politisk eller annen oppfatning, nasjonal eller sosial opprinnelse, eiendom, fødsel eller stilling forøvrig.

Diskrimineringsreglane i den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK), FNs barnekonvensjon (BK) og FNs kvinnekongresskonvensjon (KDK) er avgrensa til å gjelde diskriminering innanfor bruksområdet til konvensjonsrettane. Dersom dette vilkåret er oppfylt, vil vernet langt på veg svare til vernet etter dei sjølvstendige diskrimineringsreglane i Grunnlova § 98 og SP artikkel 26. Under alle konvensjonane vil det likevel vere nødvendig å ta stilling til om det finst ei forskjellsbehandling av likearta tilfelle, og om forskjellsbehandlinga er knytt til eit diskrimineringsgrunnlag. For at ei slik forskjellsbehandling skal vere lovleg, må ho følgje eit legitimt formål, og ho må vere nødvendig og forholdsmessig.

Som forskjellsbehandling blir rekna handlingar som har som føremål eller effekt at ein person eller ei gruppe menneske kjem i ei dårlegare stilling eller blir behandla dårlegare enn andre i ein samanliknbar situasjon. Dette inkluderer både direkte diskriminering, kor personar eksplisitt blir forskjellsbehandla, og indirekte diskriminering, kor reguleringa er nøytralt formulert, men har ein verknad som inneber reell forskjellsbehandling.

Etter lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova) § 6, er diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse grunnlaga, forboden. Diskrimineringsforbodet gjeld òg om ein person blir diskriminert på grunn av tilknyttinga si til ein annan person, og



diskrimineringa skjer på grunn av eit av diskrimineringsgrunnlaga. Det saklege verkeområdet for lova er alle samfunnsområde, jf. lova § 2, og gjeld med det òg på krisesenterområdet. Forslaga til lovendingar som blir drøfta i dette høyringsnotatet vil særleg vere knytt til diskrimineringsgrunnlaga kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 7 og § 8 er både direkte og indirekte forskjellsbehandling forboden. Direkte forskjellsbehandling er når ein person blir behandla dårlegare enn andre blir, har blitt eller ville blitt i ein tilsvarande situasjon på grunn av forhold som kjem av eit eller fleire av diskrimineringsgrunnlaga i lova. Indirekte forskjellsbehandling omfattar alle nøytrale føresegner, vilkår, praksis, handlingar eller unnlatingar, som tilsynelatande er nøytrale, men som faktisk vil stille personar dårlegare enn andre på grunn av til dømes kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering. Etter lova § 9 er forskjellsbehandlinga likevel ikkje i strid med forbodet i § 6, når den har eit sakleg føremål, er nødvendig for å oppnå føremålet, og ikkje er uforholdsmessig inngripande overfor den eller dei som blir forskjellsbehandla. Alle vilkåra må vere oppfylt samstundes for at forskjellsbehandlinga skal vere lovleg. For den generelle forståinga av desse føresegna, vises det til forklaringa i Prop. 81 L (2016-2017) kapittel 12.9.2, 12.9.3 og 14.9.

### **3.3 Barn sine rettar**

Grunnlova § 104 omfattar menneskerettar som gjeld spesielt for barn, og gjennom føresegna er fleire av dei mest grunnleggjande, internasjonale barnerettslege prinsippa grunnlovfesta. Første ledd slår fast at barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt, og at barn har rett til å bli høyrde. Prinsippet om at kva som er best for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn ved handlingar og avgjerder som berører barn, følgjer av andre ledd, og integritetsvernet til barn og retten til utvikling følgjer av tredje ledd. Retten til utdanning, som òg er ein sentral menneskerett for barn, følgjer av Grunnlova § 109.

FNs barnekonvensjon artikkel 2 om ikkje-diskriminering, artikkel 3 nr. 1 om kva som er best for barnet, artikkel 6 om retten til liv, overleving og optimal utvikling, og artikkel 12 om retten til å bli høyrde, utgjer dei fire generelle prinsippa i konvensjonen.

Barnekonvensjonen artikkel 19 gir barnet rett til vern mot alle former for vald, og er den sentrale føresegna i barnekonvensjonen om vern av barn mot vald. Den blir utfylt av andre føresegner i konvensjonen, mellom anna artikkel 6 om retten til liv og utvikling, artikkel 24 om retten til helse, artiklane 32–36 om ulike former for utnytting og misbruk, artikkel 37 om torturforbodet og artikkel 39 om retten til rehabilitering.

Retten til vern mot alle former for vald, kan òg utleiast av EMK artikkel 3 om forbod mot tortur og anna umenneskeleg eller nedverdiggjande behandling, og EMK artikkel 8 om respekt for privatlivet sitt, som òg omfattar ein person sin fysiske (kropplege) integritet. Forpliktinga til staten etter EMK strekk seg òg inn i familiære forhold. Grunnlova § 102 første ledd første punkt slår fast at «[a]lle har rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt [...]», og byggjar mellom anna på EMK artikkel 8 og omfattar vernet om den

personlege integriteten til individa. Den spesielle retten til vern om den personlege integriteten til barn følgjer av Grunnlova § 104 tredje ledd første punktum. Det er tolka inn at begge desse føresegnene, i tråd med dei internasjonale førebileta, òg kan seiast å romme eit vern mot vald, overgrep og omsorgssvikt.

Etter Istanbul-konvensjonen artikkel 26 pliktar partane å treffe nødvendige tiltak for at det i tenestetilbodet, inkludert krisesentertilbodet, blir teke omsyn til rettane og behova til barn som har vore vitne til alle former for slik vald som er omfatta av konvensjonen.

I norsk rett har lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) § 30 tredje ledd ei føresegn om at barn ikkje må utsetjast for vald eller på anna vis bli behandla slik at den fysiske eller psykiske helsa er i fare. Barn har ein grunnleggande rett til å alltid få vurdert kva som er det beste for barnet i avgjerder som angår dei, og til å få medverke til avgjerder som angår dei, sjå barnelova § 31. Valdslovbrot og seksuallovbrot blir ramma av lov 20. mai 2005 nr. 28 (straffeloven) kapittel 25 og 26.

Som nemnt ovanfor under punkt 3.2 er retten til ikkje-diskriminering tatt inn i andre konvensjonar, og tolkingar av og praksis knytt til desse kan òg ha betydning for tolkinga av diskrimineringsvernet i barnekonvensjonen artikkel 2. Forskjellsbehandling kan omfatte lovgiving som forskjellsbehandlar ulike grupper barn, tiltak som blir sett i verk ulikt for ulike grupper barn, vedtak frå forvaltninga eller annan praksis. Det blir ikkje kravd at tilfella er heilt identiske, men dei må vere samanliknbare. Vidare må forskjellsbehandlinga føre til at eit barn, eller ei gruppe barn, kjem dårlegare ut enn andre. Forskjellsbehandling som har eit sakleg føremål, som er eigna og nødvendig for å oppnå føremålet, og som ikkje er uforholdsmessig inngripande overfor individet som blir forskjellsbehandla, vil ikkje utgjere forskjellsbehandling. Artikkel 2 nr. 1 slår fast at ein person som blir diskriminert på grunn av tilknytninga si til ein annan person og dennes eigenskapar, til dømes ein forelder, òg er forboden.

### **3.4 Hovudtrekka i krisesenterlovgivinga**

Lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) vart sett i kraft 1. januar 2010. Lova er Noreg si første lov om krisesenter. Føremålet med lova er å sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, jf. krisesenterlova § 1. Det var òg eit ynskje å tydeleggjere at det offentlege har ansvar for å sikre eit slik tilbod, jf. forarbeida, Ot.prp. nr. 96 (2008–2009), punkt 1.2.

Det er kommunane som har ansvar for å sikre eit krisesentertilbod, jf. krisesenterlova § 2. Tilbodet skal omfatte eit dagtilbod, ein døgnopen telefon kor ein kan få råd og rettleiing, eit butilbod og tilbod om oppfølging i reetableringsfasen. Butilbodet skal vere heilårs, heildøgns, trygt og mellombels, og tilboda til kvinner og menn skal vere fysisk skilde. Tilbodet skal òg vere gratis, men forarbeida opnar for at det kan krevjast at bebuarane dekkjer kostpris for mat. Enkeltpersonar kan vende seg direkte til døgn-, dag- eller samtaletilbodet utan tilvising eller timeavtale. Lova fastset at tilbodet skal ha «god

kvalitet». I forarbeida er det presisert at «tilbodet må oppfylle visse standardar fagleg og innhaldsmessig og òg reint fysisk, det vil seie at sjølve lokala og plasseringa av lokala må høve for formålet». Krisesenterlova har ein heimel til å gje forskrift om krav til kompetanse hos dei tilsette, men slik forskrift er ikkje gitt.

Krisesenterlova § 3 pålegg kommunen å sørgje for at tilbodet så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte. I forarbeida står det at plikta «gjeld innhaldet i tilbodet, det vil seie kva slags tiltak brukaren får tilbod om, men også den praktiske tilrettelegginga og høvet til brukarmedverknad.» Det er òg uttalt at «[i]ndividuell tilrettelegging kan vere aktuelt på bakgrunn av kriterium som kjønn, alder, etnisitet, språk, funksjonsnedsetjing, valdserfaringar eller andre forhold. I formuleringa «så langt råd er» ligg det at kommunen har høve til å vurdere krava til individuell tilpassing i kvart enkelt tilfelle.»

Barn på krisesenter skal reknast som ei eiga gruppe brukarar. Krisesenterlova § 3 pålegg kommunen å sørgje for å ta vare på barn på ein god måte som er tilpassa deira særskilde behov, og for at dei får rettane sine etter anna regelverk oppfylt.

Kommunen har ansvar for samordning av tenester, jf. lova § 4. Det inneber at kommunen skal sørgje for at dei som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, får ei heilskapleg oppfølging gjennom samordning av tiltak mellom krisesentertilbodet og andre deler av tenesteapparatet. Føresegna fekk ny utforming i august 2022, som tydeleggjer kommunen si plikt til å samordne tenestetilbodet og sørgje for at krisesentertilbodet samarbeider med andre delar av tenesteapparatet, slik at alle tenestene kan ivareta sine oppgåver.

Departementet har gitt utfyllande reglar i forskrift 7. mars 2017 nr. 282 om fysisk sikkerheit i krisesentertilbodet (sikkerheitsforskrifta). Forskrifta omfattar fysisk sikring av lokala og uteområda, og det er eit krav om at kvar brukar sitt trusselbilete blir kartlagt og at individuelle tiltak blir vurdert. Krava til tilbodet er elles utdjupa i forarbeida, kor det samstundes blir understreka at kommunen har ein viss fleksibilitet når det gjeld kva for praktiske løysingar dei vil velje, sjå merknaden til § 2 i Ot.prp. nr. 96 (2008-2009).

Departementet gav i 2010 ut ein rettleiar for statsforvaltarane om tilsyn med krisesentertilbodet. Vidare har Bufdir i 2015 utarbeidd ein rettleiar til krisesenterlova, og gitt enkelte utsegner om forståinga av lova. Ein fagleg rettleiar for innhaldet i krisesentertilbodet er òg tilgjengeleg på Bufdir sine nettsider.

## **4 Utanlandsk rett**

### **4.1 Sverige**

Det følgjer av socialtjänstlagen at kvar kommune har ansvar for at å sikre at det eksisterer eit tilbod om skjerma bustad, jf. kapittel 6 § 2. Definisjonen av skjerma bustad går fram av socialtjänstförordningen, 3. kapittel § 1 b:

Med skyddat boende avses ett boende inom socialtjänsten som tillhandahåller platser för tillfällig heldygnsvistelse tillsammans med individanpassat stöd åt enskilda i behov av skydd mot hot, våld eller andra övergrepp. Om ett sådant boende drivs av ett bolag, en förening, en samfällighet, en stiftelse eller en enskild individ krävs dessutom att verksamheten bedrivs yrkesmässigt.

Tilbudet om omsorg i skjerma bustad blir utført i samråd med sosialnemnda, jf. socialtjänstlagen kapittel 6 § 4. Det er sosialnemnda si oppgåve å sørge for at personar som er utsette for vald og deira pårørande får støtte og hjelp, jf. socialtjänstlagen kapittel 5 § 11. Sosialnemnda har òg eit særskilt ansvar for å ta omsyn til valdsutsette kvinner som har behov for hjelp og støtte til å endre livssituasjonen sin, og for å gje støtte og hjelp til valdsutsette barn, jf. socialtjänstlagen kapittel 5 § 11. Barn som følgjer med ein forelder til eit skjerma bustad skal vurderast individuelt. Det er sosialnemnda som er ansvarleg for ivareta barnet sitt behov for støtte og bistand.

Sverige sin rapport til GREVIO<sup>14</sup> viser til at det er ca. 200 skjerma bustadar i Sverige som tilbyr butilbod og beskyttelse til kvinner som er offer for vald i heimen eller for æresrelatert vald. Dei fleste bustadene er ikkje-statlege, drivne av NGOar og knytt til ein av dei to organisasjonane ROKS og UNIZON. Nokre skjerma bustadar er drivne av kommunane.

Det finst eit breitt spekter av organisasjonsmodellar for skjerma bustadar for kvinner i Sverige. Nokre har tilsett personell, kontor og døgnopne hjelpelinjer, mens andre har avgrensa opningstider og er avhengige av frivillige. Profesjonell opplæring, kunnskap og kompetanse hos personell varierer òg sterkt. Rapporten nemnar m.a. forskjellar i evna til å ta imot skeive kvinner eller kvinner med funksjonsnedsetjing. Ifølgje rapporten var svenske skjerma bustadar kartlagt i 2012. Kartlegginga viste at dei fleste skjerma bustadar var små: 60 prosent kunne ta imot fire eller færre personar. 21 prosent av bustadene var drivne av kommunane, 71 prosent av frivillig sektor og 8 prosent var private. Alle skjerma bustadar tok imot kvinner og barn og 15 prosent av sentera tok òg imot menn. Sentera som tok imot menn plasserte desse i separate leilegheiter. I den siste nasjonale undersøkinga av skjerma bustadar i Sverige, som vart utført i 2019 og publisert i 2020, kjem det fram av det budde ca. 6 500 vaksne og 6 200 barn minst ei natt på dei skjerma bustadar.

Skjerma bustadar er i stor grad finansiert gjennom tilskot, og kommunal støtte. GREVIO vurderte i rapporten sin til Sverige<sup>15</sup> at kvaliteten på tilboda var svært varierande. Nokre skjerma bustadar er bemanna av profesjonelle som tilbyr råd, rettleiing, juridisk bistand og døgnopne hjelpelinjer, mens andre er drivne av frivillige og har avgrensa opningstider.

---

<sup>14</sup> GREVIO. Baseline Evaluation Report Norway. GREVIO/Inf(2022)30

<sup>15</sup> GREVIO. Baseline Evaluation Report Sweden. GREVIO/Inf(2018)15

## 4.2 Danmark

Danmark har eit lovfesta krisesentertilbod i socialeloven § 109. Lova gav i utgangspunktet krav til å tilby eit mellombels butilbod til kvinner og deira eventuelle barn. Ei endring i 2024 har gjort lova kjønnsnøytral. Det går no fram av § 1 at:

Kommunalbestyrelsen skal tilbyde midlertidigt ophold i boformer til personer, som har været udsat for vold i nære relationer. Personerne kan være ledsaget af børn, og de modtager under opholdet omsorg og støtte under hensyntagen til de kønsmæssige aspekter ved vold i nære relationer.

Butilbodet er landsdekkjande i den forstand at ein borgar kan vende seg fritt til kva krisesenter som helst utan at det ligg føre eit kommunalt vedtak. Kommunen eller andre offentlege styresmakter kan vise vedkomande til eit slikt butilbod, men det er leiaren ved butilbodet som tek avgjerda om inntak. Inntak kan skje anonymt ved at personen sjølv vender seg til krisesenteret, eller ved at vedkomande får tilvising frå offentlege styresmakter. Staten refunderer 50 prosent av utgiftene kommunen har til krisesentera.

Vidare skal kommunen tilby støtte og rettleiing frå ein rådgjevar til vaksne og barn som oppheld seg i slike butilbod. Det skal gjevast rådgjeving om husvære, økonomi, arbeidsmarknad, skule, helsetenester. Rådgjevinga skal støtte opp under andre tilbod som kommunen gir. Ifølgje § 9 skal kommunen òg tilby behandling hos psykolog til vaksne og barn. Behandlinga skal utførast av ein autorisert psykolog. Plikta om å tilby behandling hos psykolog gjeld utan omsyn til kor lenge opphaldet varer.

Det er 73 krisesentertilbod i Danmark. Krisesenter kan vere komersielle private, ikkje-komersielle private eller kommunale, men er finansierte av kommunane. Brukarane betalar som regel ein avgrensa eigenandel.

Det vart i 2023 lagt fram og vedteke forslag til endringar i ei rekke lover for å beskytte barn mot vald. Ifølgje dei nye lovendingane skal det treffast ei midlertidig avgjerd om at det ikkje skal vere samvær, dersom barnet oppheld seg på krisesenter med ein av foreldra, og det kan godtgjerast at opphaldet skuldast vald eller truslar om vald. Dette gjeld ikkje dersom det blir vurdert at det er til barnets beste å ha kontakt med den andre av foreldra. Etter den danske ordninga har lova som utgangspunkt at det er best for barn på krisesenter å ikkje ha samvær. I Danmark er det Familieretshuset eller familieretten som kan fatte ei avgjerd om at det ikkje skal vere samvær. Retten kan enten treffe ei avgjerd om å setje til side ei fastsett samværsordning, eller avslå å fastsetje ei ny. Påstandar om vald må kunne dokumenterast med utsegn frå krisesenteret, utsegner frå andre sakkunnige, legerklæringar, at valden er meldt til politiet eller liknande. Dersom barnet flytter frå krisesenteret vil ikkje regelen ha verknad.

I desember 2023 kom det ein politisk avtale om å endre folkeskolelova slik at kommunane ikkje skal ha plikt til å orientere begge føresette om eit skuleskifte, så lenge den eine føresette oppheld seg på eit krisesenter. Dette skal sikre at barn som er på krisesenter kan bytte skule viss det er nødvendig av omsyn til deira eller føresette sin tryggleik.

## 4.3 Finland

Lov om erstatning som staten betalar til tilbydar av krisesentertjeneste (1354/2014, heretter krisesenterlova) tredde i kraft i 2015. Med lova vart ansvaret for å finansiere krisesentertilbodet overført frå kommunane til staten. Føremålet med lova er å garantere nasjonal høg kvalitet og omfattande krisesentertjenester til personar eller familiar som opplever partnervald eller som lever under trussel om slik vald. Tilsette på krisesentera skal ha tilstrekkeleg kompetanse om barn, vald i nære relasjonar, og krisearbeid. Resolusjon om føresetnadene for levering av krisesentertjenester (598/2015) definerer kvalifikasjonane og ferdigheitene til personalet.<sup>16</sup>

I 2022 var det i Finland 29 statlege finansierte krisesenter. Krisesentera er hovudsakleg drivne av frivillige organisasjonar, men nokre kommunar driv sentera sjølve. Dei fleste krisesentera er medlem av ei nasjonal barnevernforeining som hjelper vanskelegstilte familiar. Sentera har difor eit barneperspektiv, heller enn det kvinneperspektivet som har vore lagt til grunn i krisesenterrøyrsla i mange andre land. Det er utarbeidd kvalitetstilrådingar for arbeidet med barn på krisesenter. Det er også utarbeidd nasjonale tilrådingar for krisesentera. Desse omfattar mellom anna tilrådingar om personale og lokale.

I tråd med lova er krisesentera opne for både kvinner og menn, og for barn som kjem med ein vaksen. GREVIO har vore kritisk til at Finland har ei kjønnsnøytral tilnærming til krisesentertilbodet og har etterlyst krisesenter tilrettelagt berre for kvinner. GREVIO argumenterer m.a. med sikkerheit, sjølvhjelp for kvinner og omsynet til kjønnsdimensjonen av vald i nære relasjonar.

## 5 Eit individuelt tilpassa tilbod

### 5.1 Bakgrunn

Det er eit mål at dei som er utsette for vald i nære relasjonar, uansett kva situasjon dei er i, får eit tilbod som er tilpassa behova deira. Som kunnskapsgrunnlaget viser, sjå kapittel 5, er det grupper av brukarar som ikkje får eit fullverdig krisesentertilbod til tross for at nokre av dei har større risiko for å oppleve vald.

#### 5.1.1 Tilbodet til barn

Ein del foreldre som er utsette for vald i heimen, har ikkje anna val enn å ta med seg barna og dra på krisesenter. I slike tilfelle blir krisesenteret eit trygt mellombels alternativ

---

<sup>16</sup> Baseline report by the Government of Finland on measures giving effect to the provisions of the Council of Europe Convention on Preventing and Combating Violence against Women and Domestic Violence. April 2018. Tilgjengeleg på <https://rm.coe.int/baseline-report-finland-2018/16807c55f2>

for barna, og som skal vere tilpassa behova til barn. Barn inngår i målgruppa etter lova, og skal ha eit tilpassa tilbod.

Barn som oppheld seg og mottar tenester frå eit krisesenter tilbod er i ein svært sårbar situasjon. Dei kjem alltid med ein vaksen på krisesenter, som regel den forelderen som er utsett for vald. Denne forelderen kan vere i krise, og ha nedsett foreldrefunksjon i ein kortare eller lengre periode. Det er uansett forelderen som har ansvar for barnet, og det er viktig at krisesenteret hjelper forelderen til å ta godt vare på barnet, i tillegg til å gi barna eit fullverdig tilbod.

Dei fleste sentera har barnefaglege ansvarlege, og gode rutinar for at barn skal føle seg trygge og varetakne. Rapporten frå NORCE og NKTVS<sup>17</sup> viser til at mange barn har god erfaring med krisesentera:

Alle barna i studien understreker at på krisesenteret opplevde det å bli forstått. Mye av dette handlet ikkje bare om at krisesenteret hadde oversikt over saken, men også viste genuin interesse for å lytte til dem. Barn har også merket at krisesenteret har kompetanse om barn som har opplevd vald. De viser en forståelse for barns reaksjoner og kan gi en god forklaring på hvorfor barn reagerer på den måten de gjør.

Flukta til krisesenteret kan vere svært vanskeleg for barn. Dei får ikkje nødvendigvis informasjon om at dei skal på krisesenter, og har sjeldan høve til å ta avskjed med vener, andre nære personar eller kjæledyr. Overgangen kan vere dramatisk, forvirrande og kaotisk. Barn kan mangle informasjon om kor lenge dei skal vere der, kva som skal skje der, kva som skal skje etter opphaldet, og kva som skjer med den andre forelderen. Rapporten frå NORCE og NKVTS tar opp barna sine rettar til deltaking og informasjon:

Flere barn i denne studien beskriver hvordan ting som har hatt stor påvirkning på livene deres har blitt besluttet uten at de er delaktige i beslutningen, eller har fått informasjon om hva som skal skje. Ting skjer plutselig og uten forvarsel. Barna vil også vite hvem som vet hva om dem, og vil selv kunne være med å påvirke hvilken informasjon som deles. Når det er mulig vil de selv kunne gi tillatelse til at informasjon om deres liv gis til andre. Når det ikke er mulig at barnet deltar i beslutningen til den grad de selv ønsker, er det viktig at de får informasjon om hvorfor.

Rapporten viser vidare til at fleire av barna som vart intervjuja fortalte at dei, til tross for alvorlege etterverknader av valden, ikkje vart tilvist vidare til psykologhjelp eller til BUP.

Krisesenterstatistikken for 2023 viser at eit gjennomsnittleg opphald på krisesenter for barn varte i 28 døgn. Ved 53 prosent av opphalda, medførte opphaldet på krisesenteret at barn heilt eller delvis slutta i barnehagen. Ved 42 prosent av opphalda opplevde barn enten fullstendig eller delvis avbrot i skulegangen. Eit gjennomsnittleg avbrot varte i 8 dagar. 19 prosent av skulebarna fortsette ikkje på skulen i det heile tatt under opphaldet. Tryggleiken til barnet var den vanlegaste årsaka til at barn heilt eller delvis måtte avbryte både barnehagegangen og skulegangen, følgd av avstanden til barnehagen eller skulen.

---

<sup>17</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter-kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

Dernest var tid til organisering av vidare barnehage- eller skulegang dei vanlegaste årsakene til avbrot. For barnehagebarn var transportmoglegheiter òg oppgitt som grunn til avbrotet. Når det gjeld skule har mange krisesenter gitt innspel om at skuleskysst til barn til og frå krisesenter som regel fungerer godt.

### **5.1.2 Personar med kjent rusmiddelproblem eller psykiske lidingar**

Valdsutsette med kjent rusmiddelproblem eller med psykiske lidingar er dei som oftast blir avviste frå krisesentera. Dette er ei gruppe brukarar det er utfordrande for krisesentera å handtere, og dei tilsette føler seg ikkje alltid kompetente til å handtere dei omfattande og samansette problema mange av desse brukarane har, sjå NOVA si evaluering av krisesenterlova frå 2014, kapittel 2.2.2 og NF/KUN sitt kunnskapsgrunnlag frå 2019.

Ei årsak til at denne gruppa ikkje får eit tilbod, er at enkelte kan ha ei åtferd som ikkje er foreinleg med å bu saman med andre utsette, særleg barn. Dei kan òg utgjere ein risiko for både andre brukarar og tilsette. Når krisesenteret ikkje har tilgang til separate bueiningar får ikkje desse utsette eit butilbod. Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) meiner at rusbrukarar blir forskjellsbehandla, til dømes ved at dei med kjent rusmiddelproblem, i motsetning til dei utan rusmiddelproblem, i praksis ikkje har eit reelt tilbod i store delar av landet.<sup>18</sup>

Stortinget har vore opptatt av krisesentertilbodet til valdsutsette med rusmiddelproblem og har fatta følgjande vedtak:

Vedtak nr. 1124, 3. juni 2021

Stortinget ber regjeringen sikre at òg personer i aktiv rus har tilgang til et krisesentertilbud med ansatte som har tverrfaglig kompetanse på rus og vold, enten i tilknytning til eksisterende krisesentre eller som selvstendig tilbud.

Vedtaket vart gjort i samband med behandlinga av eit representantforslag om ei førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet, jf. Dok. 8:119 S (2020–2021) og Innst. 578 S (2020–2021).

Vedtak 782, 7. juni 2023

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endringer i krisesenterlova, der kommunens ansvar for krisesentertilbudet til utsatte grupper tydeliggjøres.

Vedtaket vart gjort i samband med behandlinga av eit representantforslag om krisesentertilbudet for kvinner i aktiv rus, jf. Dok. 8:168 S (2022–2023) og Innst. 474 S (2022–2023).

### **5.1.3 Valdsutsette med funksjonsnedsetjing**

Personar med funksjonsnedsetjing og med utviklingshemming er andre grupper som heller ikkje får eit tilfredsstillande tilbod. I Menon Economics sin gjennomgang av

---

<sup>18</sup> NIM. *Rus og menneskerettigheter*. Rapport utgitt: 21. september 2022



krisesenterbygg frå 2024, kjem det fram at 40 prosent av krisesentera har bygg som ikkje er universelt utforma, og 33 prosent har uteområde som ikkje er det. Dette er òg ei hindring for barn med funksjonsnedsetjing som kjem saman med ein vaksen omsorgsperson. Når det gjeld utviklingshemming er hovudutfordringa manglande kompetanse ved krisesentera.

#### **5.1.4 Valdsutsette med kjæledyr**

Truslar om vald og vald mot kjæledyr kan vere ein del av valdsbildet. Å vere redd for å forlate kjæledyret heime med valdsutøvar, kan hindre dei som er utsette for vald i nære relasjonar å oppsøkje hjelp for seg sjølve og barna sine på krisesenter. Ifølgje krisesenterstatistikken har dei fleste krisesentera for kvinner og menn tilbod for valdsutsette med dyr. Dette gjaldt 39 av 43 krisesenter med butilbod til kvinner og 33 av 38 krisesenter med eige butilbod til menn. Det vanlegaste tilbodet for bebuarar med kjæledyr er å opprette kontakt med ein ideell organisasjon som kan tilby fosterheim eller liknande tenester. Nokre senter tilbyr òg hjelp til å skaffe pass eller dekkjer kostnader til kennelopphald for dyr.

## **5.2 Gjeldande rett**

Det følgjer av krisesenterlova § 3 første ledd at kommunen skal sørge for at tilbodet «så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte». Formuleringa «så langt råd er» er meint å uttrykke at kommunen har høve til å vurdere krava til individuell tilpassing i kvart enkelt tilfelle.

Kommunen si plikt til individuell tilrettelegging gjeld innhaldet i tilbodet, det vil seie kva slags tiltak brukaren får tilbod om, men òg den praktiske tilrettelegginga og høvet til brukarmedverknad. Omstende som kan utløyse plikt til individuell tilrettelegging, er kjønn, alder, etnisitet, språk, psykiske lidingar eller ulike former for funksjonsnedsetjing, valdserfaringar eller andre forhold, som til dømes rus. Det er opp til kommunen å vurdere kva tiltak som vil vere nødvendige for å oppfylle tilretteleggingsplikta i det enkelte tilfelle.

Det følgjer av forarbeida at når ein ikkje maktar å møte behova til den utsette, eller om vedkomande kan utgjere ein fare for andre brukarar eller tilsette, er kommunen pliktig til å finne eit tilsvarande og likeverdige tilbod.

I rettleiaren til Bufdir om krisesenterlova, er det gitt utdjupande rettleiing om kommunen sitt ansvar for leggje til rette for at tilbodet er individuelt tilrettelagt. Tilrettelegging gjeld kva hjelp den enkelte treng, og praktisk tilrettelegging av hjelpa. Til dømes er det i rettleiaren vist til at ved universell utforming er tilrettelegging av mellom anna fysiske lokale, tilgang til teiknspråktolk, moglegheiter for å ha med assistentar og førarhund omfatta. Vidare gjeld tilrettelegging etter etnisitet både urfolk, nasjonale minoritetar og personar med innvandrarbakgrunn.

I lovforarbeida og merknadene til føresegna om føremålet i krisesenterloven § 1 er det presisert at «barn er teke med i opprekninga for å synleggjere barn som brukarar av krisesentertilbodet».<sup>19</sup> Barn er såleis rekna som sjølvstendige rettssubjekt med egne rettar etter lova.

Etter krisesenterloven § 3 andre ledd skal kommunen sørgje for å ta vare på barn på ein god måte som er tilpassa deira særskilde behov, og skal òg sørgje for at barn får oppfylt dei rettane dei har etter anna regelverk.

Kva som ligg i uttrykket «å ta vare på barn på ein god måte» er utdjupa i forarbeida til lova, Ot.prp. nr. 96 (2008-2009), kapittel 12:

Andre ledd viser til at barn har særskilde behov. Med formuleringa «å ta vare på barn på ein god måte» er det meint at kommunen skal sørgje for at tilbodet til barn i størst mogleg grad blir lagt til rette slik at kvart enkelt barn får dekt sine behov ut frå alder og personlegdom, og at barn får dei rettane dei har etter anna regelverk. Tiltak overfor eit barn skal setjast i verk i samarbeid med barnet sin omsorgsperson.

Kriterium som kjønn, alder, etnisitet, språk, funksjonsnedsetting, valdserfaringar eller andre forhold, vil òg vere relevante for ivaretakinga av barn. Tilrettelegging kan gjelde innhaldet i tilbodet, det vil seie kva for tiltak barna får tilbod om, men òg den praktiske tilrettelegginga og moglegheita til brukarmedverknad.

Barn på krisesenter skal få dekt grunnleggande behov, som behov for omsorg, utdanning, stimulering, leik og aktivitetar. Desse rettane følgjer òg av barnekonvensjonen, som forpliktar staten. I tillegg har barn ein grunnleggande rett til å alltid få vurdert kva som er det beste for barnet i avgjerder som angår dei, og til å få medverke til avgjerder som angår dei, sjå punkt 3.3.

Krisesenterlova § 6 gjeld opplysningsplikta til barnevernet. Etter første ledd skal alle som utfører arbeid eller tenester etter krisesenterlova vere merksame på forhold rundt barnet som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta. Dei skal melde frå til barnevernet utan hinder av teieplikt når nærmare angitte vilkår er oppfylt, mellom anna når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla eller utsett for alvorleg omsorgssvikt.

### **5.3 Departementet sine vurderingar**

Erfaring viser at omsynet til barn ikkje alltid blir ivaretatt i tilstrekkeleg grad, og enkelte grupper får i praksis ikkje alltid eit fullverdig krisesentertilbod, samanlikna med andre. Dette gjeld til dømes personar med rusmiddelproblem og / eller psykiske lidingar, som i praksis i mange tilfelle har blitt avviste når dei har søkt vern på krisesenter. Vidare kan manglande universell utforming av lokala innebere at tilbodet reint faktisk ikkje er tilgjengeleg for personar med funksjonsnedsetjing. Desse omstenda vil kunne innebere ei indirekte forskjellsbehandling etter likestillings- og diskrimineringslova § 8, som omfattar alle nøytrale føresegner, vilkår, praksis, handlingar eller unnlatingar, som tilsynelatande

---

<sup>19</sup> Ot.prp.nr.96 (2008-2009), s. 76

er nøytrale, men som faktisk vil stille personar dårlegare enn andre på grunn av til dømes kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering. Vidare viser departementet til at Noreg etter FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD), artikkel 9 er forplikta til treffe alle føremålstenlege tiltak for å sikre at menneske med nedsett funksjonsevne på lik linje med andre «får tilgang til [...] tilbud og tjenester som er åpne for eller tilbys allmennheten, både i byene og i distriktene.».

Bufdir si rettleiing for innhald i krisesentertilbodet er ei viktig kjelde til kunnskap og kvalitetsforbetringar. Innhaldet i rettleiinga er kontinuerleg under utvikling. Fleire tiltak har vorte sett i verk for å styrke tilbodet til utsette med særskilde utfordringar. Bufdir har gitt midlar til utvikling og tilrettelegging av tilbodet til særleg utsette grupper i krisesentera gjennom tilskotsordninga til tiltak mot vald og overgrep. Dette har likevel ikkje løyst dei utfordringane som er skildra over.

Det er difor etter departementet si vurdering behov for å ta nokre grep for å gjere det enda tydelegare at kommunane skal leggje til rette for eit fullverdig krisesentertilbod for alle.

### **5.3.1 Tilbodet til barn**

Det er eit mål at rettane til barn blir varetekne under og etter eit krisesenteropphald. Kommunane skal, når dei sørger for eit krisesentertilbod, oppfylle barn sine rettar i tråd med Grunnlova § 104 og FN's barnekonvensjon, sjå kapitel 3.3. Krisesentertilbodet skal oppfylle krava i krisesenterlova om eit tilbod som er tilrettelagt for barn som har opplevd vald, kor omsynet til barnet sitt beste skal ligge til grunn for tenesta. Barn skal òg få rettane sine etter andre lover, til dømes skulelovgivinga, varetekne under eit krisesenteropphald, og ha ei samordna oppfølging frå andre hjelpetenester.

I dag følgjer kravet til individuell tilrettelegging av tilbodet for barn av krisesenterlova § 3 andre ledd om individuell tilrettelegging. Samstundes ser ein i praksis at omsynet til individuell tilrettelegging for barn ikkje alltid blir vareteke som forutsett. Dette kan mellom anna kome av at barn lenge har vore tenkt på som dei som følgjer med den vaksne utsette, og ikkje nokon som i utgangspunktet treng hjelp. Barn på krisesenter er ei særleg sårbar gruppe med behov for vern, og skal ivaretakast særskilt med omsyn til sine behov og interesser.

Når det gjeld barnehage, kan den vere vel så viktig for dei minste barna, som skule er for dei eldre barna. Retten til barnehageplass er regulert i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) § 16. Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år.

Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane om korleis det i praksis betre kan leggjast til rette for at barn som har rett til barnehageplass og som oppheld seg på krisesenter, faktisk får gå i barnehage.

### **5.3.2 Alternative butilbod**

Departementet viser til at det følgjer av krisesenterlova at kommunen skal leggje til rette krisesentertilbodet etter dei individuelle behova til brukaren. Etter krisesenterlova § 2 andre ledd bokstav a følgjer at dersom det ikkje er mogleg å gje eit tilbod på krisesenter, kan tilbodet gjevast på ein annan eigna tilsvarande stad. Etter forarbeida følgjer at ingen valdsutsette skal bli avviste ved eit krisesentertilbod, og i kapitel 7.3.3 står at :

Dersom eit krisesenter ikkje blir vurdert som veileigna for å imøtekomme dei behova ein brukar har, må kommunen finne andre løysingar som sikrar eit likeverdig tilbod.

Kunnskapsgrunnlaget, sjå kapitel 5, viser at det likevel kan vere behov for å gjere det tydelegare at kommunane har plikt til å finne løysingar òg for dei som av ulike grunnar ikkje kan bu på krisesenter. Departementet føreslår difor å lovfeste eit krav til likeverdige alternative butilbod i krisesenterlova § 3 første ledd. Det betyr at der tilrettelegging ikkje er mogleg, skal kommunen sørgje for likeverdige alternative butilbod for brukarar som ikkje kan nytte butilbodet ved krisesenteret. Kravet er ei vidareføring og lovfesting av gjeldande rett, og blir formulert i tråd med eksisterande føringar.

Ved å løfte ei eksisterande føring inn i lova, blir den meir tilgjengeleg for kommunane. Dette gjer det klarare at det er kommunen, og ikkje det enkelte krisesenteret, som skal sørgje for å gi eit tilbod til dei som ikkje kan opphalde seg på krisesenteret. Dette kan gjelde brukare som på grunn av eiga eller andre si sikkerheit, av individuelle behov, eller av omsyn til andre brukarar, ikkje kan vere på krisesenter. For å oppfylle kravet, kan kommunane sjølv velje kor og korleis dei skal tilby tenesta. Dei har mellom anna høve til å opprette krisesenterplassar innanfor andre tenester, til dømes institusjon med heildøgnsstilsyn innanfor eldreomsorga, psykisk helsevern eller rusomsorga. Dei kan òg etablere samarbeid med private eller frivillige aktørar.

Departementet presiserer at dei alternative butilboda skal vere likeverdige og oppfylle alle krava som følgjer av krisesenterlova og forskrift om sikkerheit i krisesentertilbodet. Vidare skal alternative butilbod berre brukast der anna tilrettelegging ikkje er mogleg. Det er ikkje ønskeleg at enkelte grupper med visse tilleggsutfordringar som hovudregel blir tilvist til alternative butilbod og krisesentertilbodet må alltid vurdere den enkelte si situasjon og problematikk. Kommunen skal leggje til rette slik at det er reell tilgang for alle grupper på krisesenter, med alternative butilbod som unntak.

Departementet viser vidare til at krisesentera skal vere eit lågterskeltilbod for dei som er utsette for vald i nære relasjonar. Krisesentera verken er, eller skal vere behandlingstilbud.

Departementet viser til lovutkastet til krisesenterlova § 3 første ledd nytt andre punktum.

### 5.3.3 Krav til tilpassing

Det følger av krisesenterlova § 3 første ledd at kommunen skal sørge for at tilbudet «så langt råd» er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte. Etter forarbeida går det fram at formuleringa «så langt råd er» inneber at kommunen har høve til å vurdere krava til individuell tilpassing i kvart enkelt tilfelle. Klausulen opnar dermed ikkje for at kommunen kan la vere å ha ei individuell tilpassing, men anerkjenner at tilretteleggingsplikta har ei grense. Ifølgje Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM), gir formuleringa «så langt råd er» kommunane «adgang til å nedprioritere et differensiert tilbud til voldsutsatte med alvorlig tilleggsproblematikk som rusavhengighet til fordel for andre grupper.».<sup>20</sup> NIM tilrår å oppheve høvet for kommunane til å vurdere ei individuell tilpassing «så langt råd er».

Etter departementet si vurdering vil ei fullstendig tilrettelegging for kvar enkelt brukar i praksis vere svært vanskeleg, og slik sett er det ikkje formuleringa i lova som er hovudårsaka til at nokre grupper ikkje får eit godt nok tilbud. Når det er sagt, er det likevel viktig å sjå tilretteleggingsplikta etter krisesenterlova i samanheng med tilretteleggingsplikta som kan utleiast av forbodet mot indirekte diskriminering og plikta til universell utforming etter likestillings- og diskrimineringslova § 8 og § 17. Medan grensene for indirekte diskriminering går ved forskjellsbehandling som er sakleg, nødvendig og forholdsmessig, går grensene for plikta til universell utforming der universell utforming inneber ein «uforholdsmessig byrde» for verksemda. Etter departementet si vurdering bør som utgangspunkt ikkje krisesenterlova gjennom formuleringa «så langt råd er», leggje opp til ein vurdering som i praksis blir mindre streng enn dette.

Ei oppheving av høvet kommunane har til å vurdere ei individuell tilpassing «så langt råd er», vil innebere ei skjerping av det ansvaret kommunane har for å leggje til rette for dei individuelle behova til brukarane. Konsekvensen for kommunane vil bli at dei i større grad må tilpasse lokale og tenesta. Det betyr til dømes at utsette som er i målgruppa for lova, og som i dag ikkje kan få eit tilbud på krisesenter, ikkje lenger vil kunne avvisast. Kommunane må finne løysingar for alle grupper. Ei slik skjerping må sjåast i samanheng med forslaget under punkt 6.3.1 om at kommunane skal sørge for likeverdige alternative butilbod for brukarar som ikkje kan nytte butilbodet ved krisesenteret.

Departementet ber høyringsinstansane gi innspel til om kommunane sin tilgang til å vurdere ei individuell tilpassing «så langt råd er», bør opphevast.

### 5.3.4 Fysisk utforming av lokale

Tilstanden på krisesenterbygga er ein viktig faktor for å kunne tilby forsvarlege tenester. Krisesenterstatistikken viser at for 12 av 43 krisesenter med tilbud til kvinner, og 18 av 42 senter med tilbud til menn, vart ikkje lokale vurdert som eigna til føremålet. Grunnane

---

<sup>20</sup> NIM. [Rus og menneskerettigheter](#). Rapport utgitt: 21. september 2022

som vart oppgitt var mellom anna eldre eller lite eigna bygningar eller lokale, manglande moglegheiter for å skjærme enkelte brukarar, dårlege sanitærforhold, manglande universell utforming, lokale lite eigna for barn, manglande fellesareal og dårleg sikkerheit. Krisesentertilboda til menn vart litt oftare vurdert som ueigna enn dei til kvinner. Dei hadde òg færre sikkerheitstiltak.

Stortinget har merka seg at ein del krisesenterbygg ikkje er eigna til føremålet, og har fatta vedtak 936 av 16. juni 2023 som lyder:

Stortinget ber regjeringen senest i statsbudsjettet for 2025 foreslå en ordning som støtter utbygging og bygningsmessig oppgradering av krisesentre etter modell fra Husbankens ordning med investeringstilskudd til omsorgsboliger og sykehjemsplasser.

Vedtaket vart gjort i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Meld. St. 2 (2022-2023) og Innst. 490 S (2022-2023).

Departementet ser at det kan vere behov for å setje krav til krisesenterbygg, og foreslår at gjeldande forskriftsheimel i krisesenterlova § 2 sjette ledd blir utvida til å òg gi heimel til å gi forskrift om fysisk utforming av lokale. Ein slik heimel vil leggje til rette for at departementet kan regulere nærmare korleis krisesenterlokale skal vere utforma slik at dei i større grad er tilpassa føremålet med krisesenterlova. Dei økonomiske og administrative konsekvensane, samt innhaldet i ei slik forskrift vil måtte greiast ut nærmare, og deretter sendast på offentleg høyring på vanleg måte.

Departementet viser til lovutkastet til krisesenterlova § 2 sjette ledd.

### **5.3.5 Tilbodet til valdsutsette med kjæledyr**

Det er alvorleg når valdsutsette ikkje torer å oppsøkje krisesentera fordi dei er redde for kva som kan skje med kjæledyret viss dei må forlate det i heimen, saman med valdsutøvar. Etter departementet si vurdering kan eit mogleg tiltak her vere å vurdere om behovet for løysingar for kjæledyr bør regulerast, til dømes i forskrift.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for særskilde løysingar for kjæledyr, og om å gi innspel til dette. Dette kan til dømes vere eigne løysingar på krisesenter, kor problemstillingar kan vere, kven som skal ha ansvar for dyra, korleis ein skal handtere at nokre er allergiske mot dyr, har frykt for dyr mv. Departementet ber vidare om høyringsinstansane si vurdering av om det bør innførast ei plikt for kommunane til å inngå avtaler med andre aktørar som kan ta vare på dyra.

### **5.3.6 Særleg om kompetanse i krisesentertilbodet**

Krisesenterlova fastset ingen krav til formell kompetanse for tilsette ved krisesentertilboda. Krisesenterlova § 2 stiller likevel krav om at tilsette skal ha kompetanse til å ivareta dei særskilde behova til brukarane. Fleire har gitt innspel om at det burde setjast krav til høgare utdanning for tilsette i krisesentertilbodet. Vidare er det avgjerande at tilsette på krisesenter har kompetanse om tilleggsutfordringar og om mangfaldet i befolkninga for at dei skal kunne kartleggje behova til brukarane og gi eit

individuell tilpassa tilbod. Barnefagleg kompetanse er òg heilt sentralt for å gi eit godt tilbod til barn.

Etter departementet si vurdering, må behovet for at krisesentera har kompetanse om tillegg utfordringar som utsette kan ha, vegast opp mot kva som skal vere kjernekompetansen til krisesentera. Det følgjer av rettleiinga for statleg styring av kommunar og fylkeskommunar at ein bør vere tilbakehaldne med å stille krav i lovverket til spesifikk kompetanse.<sup>21</sup>

Departementet har i dag heimel til å gi forskrift om krav til kompetanse hos tilsette, men har per no ikkje nytta heimelen eller tatt stilling til om det er behov for å utforme ei slik forskrift. Departementet viser til at eit styrkt samarbeid mellom krisesenteret og andre tenester, jf. krisesenterlova § 4 og føreslåtte endringar i krisesenterlova § 2, vil kunne bidra til at krisesentera i større grad kan dra nytte av fagkompetanse andre tenester rår over, på tvers av kommunane. På same måte vil det òg bidra til at andre tenester i større grad kan dra nytte av kompetansen i krisesentertilbodet for å ivareta dei særskilde behova valdsutsette har. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om det er eit behov for å gi meir detaljerte krav til kompetanse i ei forskrift og kva kompetanse det i så fall kan vere behov for.

## **6 Tilbodet til menn og barna deira**

### **6.1 Bakgrunn**

Brukarane av krisesentertilbodet er menneske av ulike kjønn, alder og bakgrunn, som har opplevd ulike former for vald. Alle skal ivaretakast i tilbodet. I praksis har likevel tilbodet til menn vist seg å vere mangelfullt samanlikna med tilbodet til kvinner.

#### **6.1.1 Kvinner og menn på krisesenter**

Den typiske brukaren av krisesentertilbodet er ei kvinne, gjerne med innvandrarbakgrunn, som er utsett for vald av ein ektefelle eller sambuar. 91 prosent av dei som oppheldt seg på krisesentera i 2022 var kvinner, nesten 9 prosent var menn og nokre få oppgav ein annan kjønnsidentitet. 9 av 10 brukarar var utsette for ein mannleg valdsutøver. Det gjaldt 97 prosent av kvinnene og 63 prosent av mennene. Om lag ein firedel av brukarane oppgav at foreldra var valdsutøvarane. Det gjaldt særleg brukarar som var yngre enn 25 år. 11 prosent av bebruarane som var 50 år eller eldre, var utsette for vald frå egne barn. 61 prosent av bebruarar på krisesenter har innvandrarbakgrunn. Fleirtalet av dei valdsutsette kvinnene med innvandrarbakgrunn var utsette for vald frå den mannen dei var gift eller sambuar med. Eit mindretal var utsette for vald og sterk kontroll frå utøvarar i familien til mannen.

---

<sup>21</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Statlig styring av kommuner og fylkeskommune. Med prinsipper og retningslinjer. Veileder.

I 97 prosent av opphalda var barna med mor si på krisesenteret, og i 3 prosent av opphalda var barna med far sin. Desse tala viser at vald har mange ulike former og oppstår i ulike nære relasjonar.

### **6.1.2 Forskjellar mellom tilbodet til kvinner og tilbodet til menn**

Tilbodet til menn har vore vurdert som mangelfullt heilt frå kravet til eit krisesentertilbud til både kvinner og menn vart innført med krisesenterlova av 2010. Evalueringa til NOVA frå 2014, viste at tilbodet til menn var på god veg til å bli betre, men at det var betydelege forskjellar. Rapporten antyda at sentera der tilboda til kvinner og menn var samlokaliserte gav eit betre tilbod til menn:

Samlet viser undersøkelsen at loven har ført til at kommunene har etablert krisesentertilbud for menn, som gradvis har blitt bedre. Undersøkelsen viser samtidig at tilbudet til mannlige beboere er dårligere både hva gjelder fysisk standard og innhold enn tilbudet til kvinner. Våre data tyder også på at sentrene med samlokaliserte tilbud i større grad greier å gi et likeverdig tilbud til menn og kvinner enn sentre som har atskilte tilbud.

Samlokaliserte tilbod må her forståast som åtskilte avdelingar for kvinner og menn i same bygg, med separate inngangar. Vidare beskreib rapporten at netter og helger oftare var ubemanna i tilboda til menn, og at tilboda då var prega av lågare aktivitetstilbud. Menn kunne oppleve at dei vart isolert frå eit større fellesskap på senteret, og at kvinner fekk raskare hjelp frå tilsette. Når tilbodet til menn ikkje er tilstrekkeleg, er heller ikkje tilbodet til barn som kjem i følge med mannleg omsorgsperson godt nok.

I Menon Economics si undersøking av 2024 om kostnader ved tilpassing av krisesenterbygg<sup>22</sup> kjem det fram at to tredeler av sentera meiner at dei ikkje kan tilby likeverdig butilbod til menn. Fem krisesenter hadde tilbodet til menn i mellombelse lokale, til dømes brakke eller hotellrom. 17 tilbod til menn var ikkje i tråd med forskrifta om sikkerheit i krisesentertilbudet.

Vidare rapporterte nokre senter at plassar i tilboda til menn står ubrukt i periodar. Dette er dårleg ressursutnytting når desse plassane heller kunne vorte nytta av kvinner, eller av valdsutsette som av ulike grunnar har behov for skjerming, til dømes dei med utfordringar med rus eller psykisk helse.

Med utgangspunkt i denne problemskildringa, viser departementet til at ulike forskingsmiljø òg har sett på moglege løysingar for å styrke tilbodet til menn i krisesentera.

NOVA konkluderte i 2014 at manglar i tilboda til menn hadde samanheng med kravet om skilde butilbod:

Manglene i mannstilbudene ser ut til å være en direkte konsekvens av kravet i loven om at tilbudene til menn og kvinner skal være fysisk atskilt i § 2 femte ledd. Dette er et absolutt

---

<sup>22</sup> Menon Economics (2024). Kostnader ved tilpasning av krisesenterbygg.



krav, og i fylkesmennes tilsyn defineres det som et avvik hvis krisesentrene ikke har lokaler som kan tilby fysisk atskillelse av kvinner og menn.

NOVA vurderte ulike løysingar. Å utbetre alle tilboda til menn til same kvalitative standard som kvinnetilboda vart rekna som uforholdsmessig kostbart. Å sentralisere krisesentertilbodet til menn ved å etablere «færre, men godt utrustede døgnåpne enheter for menn» vart vurdert som uheldig fordi reisevegen blir lengre, noko som ikkje minst vil gå ut over barn. Eit siste forslag var å vurdere kravet til skilde butilbod på nytt.

Nordlandsforskning og Likestillingssenteret KUN har òg tilrådd «en nærmere vurdering av hvorvidt kravet om fysisk adskilte tilbud hever terskelen urimelig for at menn skal få et likeverdig tilbud.»

Kommunal- og distriktsdepartementet godkjende i 2020 eit forsøk ved Romerike krisesenter om å tilby eit integrert krisesentertilbod for kvinner og menn, i samsvar med lov 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøksloven). Etter lova kan eit forsøk avvike frå gjeldande lovverk for å utvikle funksjonelle og effektive drifts- og organisasjonsformer i den offentlege forvaltninga. Romerike krisesenter ønskte å undersøke om drifta kunne organiserast meir effektivt og om det kunne føre til betre tenester til brukarane. Dei meinte eit kjønnsuavhengig og integrert krisesentertilbod ville føre til at tilbodet til mennene og barna deira kunne ha betydeleg høgare kvalitet og bli langt meir likeverdig enn i dag, utan at det trong å gå ut over tilbodet til kvinnene og barna deira. Dei lokala som opphavleg var reservert til menn er brukt under forsøket for å gi eit tilbod til personar med særskilde behov for skjerming, til dømes grunna psykisk tilstand. Forsøket er førebels godkjent fram til desember 2024, og ei følgjeevaluering er planlagt ferdigstilt hausten 2024.

### **6.1.3 Særleg om transpersonar og ikkje-binære**

Det finst lite kunnskap om krisesentertilbodet til transpersonar og ikkje-binære. I ein kunnskapsoversikt om krisesentertilbodet<sup>23</sup> skriv Nordlandsforskning og likestillingssenteret KUN at seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk i lita grad vert vektlagt i krisesentera sine samtalar med valdsutsette. Bufdir presiserer i rettleiaren til krisesenterlova at transpersonar og ikkje-binære er i målgruppa for tilbodet, men frykt for diskriminering og for ikkje å bli tatt på alvor, kan likevel hindre denne gruppa i å vere opne i møte med hjelpeapparatet. Personar som har normbrytande kjønnsuttrykk kan vegre seg for å kontakte krisesenter i frykt for å bli trakassert, enten av tilsette eller andre bebuarar. Dette gjeld òg homofile.

---

<sup>23</sup> Bliksvær, Trond, m.fl. (2019): Kommunenes krisesentertilbud - En kunnskapsoversikt. NF rapport nr.: 13/2019.

## 6.2 Gjeldande rett

Krava til innhaldet i krisesentertilbodet går fram av krisesenterlova § 2. Det følgjer av krisesenterlova § 2 femte ledd at butilbodet til kvinner og butilbodet til menn skal vere fysisk skilde. Det inneber at kvinner og menn ikkje skal bu saman eller ha felles opphaldsrom. Det er ein grunnleggande føresetnad for eit godt krisesentertilbod at kvinner kan kjenne seg trygge ved at butilbodet til kvinner og butilbodet til menn er fysisk skilde.

Etter krisesenterlova § 3 første ledd skal kommunen sørgje for at tilbodet så langt råd er blir individuelt tilrettelagt ut frå den einskilde brukaren sitt behov. Dette gjeld innhaldet i tilbodet, kva for tiltak det blir gjeve tilbod om, og den praktiske tilrettelegginga og høvet til brukarmedverknad. Individuell tilrettelegging kan vere aktuelt på bakgrunn av ulike kriterium som kjønn, alder, etnisitet, funksjonsnedsetting, valdserfaring eller andre forhold. I formuleringa «så langt råd er» ligg det at kommunen har høve til å vurdere krava til individuell tilpassing i kvart enkelt tilfelle. Det at begge kjønn er framheva i lova presiserer at tilbodet skal tilpassast særlege behov hos både kvinner og menn, og at kjønn er ein faktor som er av betydning for individuell tilpassing.

Det følgjer av krisesenterlova § 3 andre ledd første punktum at kommunen skal sørgje for «å ta vare på barn på ein god måte» som er tilpassa deira særskilde behov. Det inneber at kommunen skal sørgje for at tilbodet til barn i størst mogleg grad blir lagt til rette slik at kvart enkelt barn får dekt sine behov ut frå alder og personlegdom.

Bufo har i ein uttale av juli 2020 vurdert om samlokalisering av butilbodet til kvinner og butilbodet til menn, vil vere i samsvar med kravet i lova til fysisk skilde butilbod. Dei finn støtte i forarbeida til lova at kravet til fysisk skilde bueiningar er samsvarande med ei avdelingsløyising kor kvinner og menn oppheld seg på kvar si avdeling med ulik inngang. Direktoratet viser til at kravet etter forarbeida er grunna i brukaren sin opplevde kvalitet ved butilbodet, og ikkje sikkerheita til brukaren objektivt sett. Menn som tek kontakt med krisesenteret for å få hjelp, utgjer ikkje nødvendigvis ein risiko for kvinnene, eller omvendt. Men fordi det kan opplevast slik, stiller lova krav om at butilboda skal vere fysisk skilde. Bufo har difor kome til at kravet om fysisk skilde bueiningar, ikkje hindrar at bueiningane kan ligge i same bygg, eller i nærleiken av kvarandre.

Bufo gir rettleiing til krisesentera og kommunane om korleis butilbodet til menn kan innrettast i si fagleg rettleiar for innhaldet i krisesentertilbodet. Både regionale/sentraliserte tilbod og skjerma bueiningar knytt til eksisterande butilbod er moglege alternativ. Regionale/sentraliserte butilbod dekkjer gjerne større område, og er mest eigna for sentrale strøk. Skjerma bueiningar knytt til eksisterande butilbod kan vere ressurseffektivt, både med tanke på lokale, fysiske sikkerheitstiltak og personalressursar. Det er peika på at utforminga av krisesentertilbodet til menn må ta høgde for at barn skal ha eit heilskapleg krisesentertilbod, uavhengig av om dei kjem med far eller mor. Uansett organisering, er ein føresetnad at butilbodet til menn skal ha same kvalitet som tilbodet til kvinner, og òg vere tilrettelagt for barn. Bueiningane må:

- vere separate frå det ordinære butilbodet for kvinner
- ha eige bad og kjøkken
- vere lokalisert slik at det er lett tilgang på personale
- kunne leggje til rette for møteplassar om det er fleire menn

### 6.3 Departementet sine vurderingar

Kommunane er pålagde å sørgje for eit krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, jf. krisesenterlova § 2. Utsette for vald i nære relasjonar skal ha eit likeverdig krisesentertilbod, uavhengig av kjønn. Det same gjeld barna deira. Kjønnnet til omsorgspersonen dei kjem saman med skal ikkje ha betydning for kvaliteten på det tilbodet barna får. I praksis er det likevel skilnader mellom tilbodet til kvinner og menn, og dermed også tilbodet til barna deira, og det er eit spørsmål om menn i realiteten blir stilt dårlegare på grunn av kjønn. I så tilfelle vil det kunne vere i konflikt med diskrimineringsforbodet i likestillings- og diskrimineringslova § 6, jf. § 8 om indirekte forskjellbehandling. Vidare følgjer det av barnekonvensjonen artikkel 2 nr. 1 at det er forbode at ein person blir diskriminert på grunn av tilknyttinga si til ein annan person og den personen sine eigenskapar, til dømes ein forelder. Likeins vil det å ikkje ta omsyn til dei særskilde behova til kvinner og den særlege sårbarheita dei har for å bli utsett for vald, òg kunne innebere indirekte diskriminering, når vilkåra for lovleg forskjellsbehandling ikkje er oppfylte.

Bakgrunnen for kravet om skilde butilbod til kvinner og menn, er ei avveging mellom to ulike likestillingsperspektiv: å fremje generell likestilling ved å gi menn og kvinner lik tilgang til eit krisesentertilbod, og å gi eit særleg vern for kvinner fordi dei er mest utsette for alvorleg vald i nære relasjonar, sjå Ot.prp. nr. 96 (2008-2009), punkt 5.2. Som nemnt over, har fleire rapportar tilrådd ein ny vurdering av kravet om skilde butilbod for kvinner og menn. Hovudgrunngevinga er at det er uforholdsmessig kostbart å halde eigne fullbemanna krisesentertilbod til menn. Mange kommunar prioriterer difor ikkje eit likeverdig krisesentertilbod til menn. Vidare viser erfaringar at der det skilde butilbodet er i tråd med lova, kan det likevel vere krevjande for valdsutsette menn og barna deira å vere isolerte i eigne bueiningar.

I samband med arbeidet med høyringsnotatet har departementet både fått innspel om at gjeldande krav til fysisk skilde butilbod bør opphevast, men òg at det bør vidareførast.

Som argument for å oppheve kravet, blir det framheva at skilde butilbod er uhensiktsmessig mellom anna fordi det er dårleg ressursutnytting når plassar i tilboda til menn står ubrukte i periodar. Det blir trekt fram at ein felles arena kor ein kan møtast og dele erfaringar i ein naturleg setting på tvers av kjønn er uproblematisk og verdifullt for bebuarane. Det er vidare peikt på at grunngevinga med å beskytte valdsutsette kvinner ikkje famnar det komplekse biletet av vald i nære relasjonar, der òg kvinner utset andre kvinner for vald, særleg i saker med æresrelatert vald, men òg i likekjønna forhold. Eit felles butilbod gjer det òg enklare å gi eit heilskapleg tilbod til familiar, til dømes der ein vaksen kjem med både mindreårige og unge vaksne barn av begge kjønn.

Som argument for å behalde kravet, blir det framheva at skilde butilbod er nødvendig av omsyn til sikkerheita til kvinner. Det er ei bekymring for at kvinner som kjem frå kjønnssegregerte samfunn, eller kvinner som har eit problematisk forhold til menn på grunn av sterke traume etter valdshendingar, ikkje vil oppsøke sentera dersom dei får høyre at dei risikerer å møte menn der.

Om butilboda til kvinner og menn skal vere skilde eller ikkje, er eit vanskeleg spørsmål der ulike omsyn gjer seg gjeldande, og som må vurderast grundig. Departement ønskjer ikkje no å tilråde ei bestemt løysing, men ber om høyringsinstansane sitt syn på to ulike forslag, som blir skissert nedanfor.

### **6.3.1 Felles krisesentertilbod for kvinner og menn i enkelte tilfelle**

Departementet har forståing for at dei krisesentera som har nye lokale, og som er drivne på ein måte som gjer det forsvarleg å ha eit felles tilbod, ønskjer ei løysing med felles krisesentertilbod. Departementet har difor sett på korleis det kan leggjast til rette for at kommunane får større valfridom og fleksibilitet til å organisere sitt tilbod.

Utgangspunktet for vurderinga er at ei slik løysing ikkje skal gå ut over tilbodet og sikkerheita til kvinner.

Ei løysing er å opne for at kommunane sjølve *kan* velje om butilboda til kvinner og menn skal vere felles eller åtskilde. Det inneber at kommunane, i samråd med krisesentera, får tilgang til å vurdere og avgjere kva som er den beste løysinga ut frå dei lokale forholda og korleis tilbodet er organisert hos dei.

Det er likevel viktig å ha i mente at det er store variasjonar mellom krisesentertilboda, noko mellom anna Riksrevisjonen har påpeika i si revisjon av myndigheitene si innsats mot vald i nære relasjonar, jf. dokument 3:8 (2021–2022):

Undersøkelsen viser at det er forskjeller i krisesentrenes ressursituasjon, noen er lavt bemannet, og enkelte mangler døgnbemanning. Kommunene skal ha ordninger som sikrer at det er ansatte tilgjengelig hele døgnet for å ivareta den fysiske tryggheten for krisesenterbrukerne, jf. forskrift om fysisk sikkerhet i krisesentertilbudet § 2. I 2020 var 12 av 43 krisesentre bemannet med mindre enn 6 årsverk.

Desse variasjonane, både i finansiering, tal på tilsette, tilstand på lokale, men òg befolkningsgrunnlag, gir etter departementet si vurdering samla sett ein reell risiko for at eit felles tilbod vil kunne svekkje krisesentertilbudet, og dermed sikkerheita til kvinner. Departementet viser til rapporten frå NORCE og NKVTS som peikar på at «det eksisterer et press på krisesentrene om å holde utgiftene lave, av hensyn til kommunenes ofte trange økonomi» og at man «står i fare for at utviklingen av krisesentertilbud styres etter pris, snarere enn kvalitet.»<sup>24</sup> Departementet er difor uroa for at enkelte kommunar ikkje i

---

<sup>24</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter–kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

tilstrekkeleg grad vil greie ut risikobilete og konsekvensane av å slå saman tilboda til kvinner og menn på ein god måte, og til dømes heller vél den billigaste løysinga.

Etter departementet si vurdering er det difor ikkje forsvarleg å oppheve kravet til skilde butilbod utan å samstundes gi tydelege føringar som sikrar at tilbodet til kvinner ikkje blir svekka. Brukarane av krisesentertilbodet er svært sårbare, og skal vite at dei er heilt trygge på krisesenter. Det er viktig at kommunane legg godt til rette for at ei eventuell ordning med eit felles krisesentertilbod ikkje hindrar mellom anna kvinner som ikkje vil omgåast menn i å kome på krisesenter.

Ei eventuell oppmjuking av kravet om fysisk skilde butilbod må difor innehalde tydelege krav til utforming av eit slikt tilbod. Nærmare krav til felles krisesentertilbod bør fastsetjast, til dømes i forskrift om innhaldet i krisesentertilbodet.

Utforminga av tilbodet på asylmottak kan til ein viss grad samanliknast med krisesentertilbodet. Asylmottak er institusjonar der menneske med ulike kulturar blir mellombels innkvarterte. Dette gjeld kvinner, menn og barn, familiar og einslege, med ulike oppfatningar av kjønnsroller og korleis kvinner og menn skal leve og omgåast kvarandre. Departementet har difor sett på Utlendingsdirektoratet (UDI) sine *Generelle krav til drift av asylmottak* ved vurderingar av eventuelle krav. I kapittel 2.2 punkt c) er det spesifisert at:

Enslige kvinner skal kunne bevege seg fra eget rom og til bad/toalett uten å møte menn. Det skal være adskilte bad og toaletter for kvinner og menn, men kvinner kan dele bad med menn de er i familie med.

Vidare er det i punkt i) stilt krav om at asylmottaket skal:

Gi enslige kvinner med eller uten barn tilbud om et botilbud som er fysisk skjermet fra menn.

Med dette som utgangspunkt, vurdert opp mot forutsetninga om at eit felles tilbod ikkje skal gå ut over tilbodet og sikkerheita til kvinner, er departementet kome fram til at eit felles krisesentertilbod, som eit minimum, må omfatte følgjande krav:

- åtskilde bad og toalett.
- moglegheit for kjønnssegregerte opphaldsareal.
- moglegheit for fysisk åtskilde tilbod for brukarar som har behov for det.
- rutinar for inntak for å sikre at valdsutsett og valdsutøvar ikkje kjem inn i same lokale.

Ei slik løysing vil gi kommunane og krisesentera meir fridom og fleksibilitet til å organisere tilbodet etter lokale forhold, bygg, brukargruppe mv. Kommunen, i samråd med krisesenteret kan velje om dei ønskjer å opne heilt, delvis, eller ikkje i det heile tatt, for eit felles tilbod.

Det er likevel eit spørsmål om eit felles krisesentertilbod i realiteten vil føre til at tilbodet til ulike grupper kvinner blir svekka, til dømes dei som har problem med å omgåast menn, og dermed inneber ei forskjellsbehandling av desse kvinnene. Det er eit viktig grunnprinsipp at ei betring av tilbodet til menn ikkje går ut over tilbodet til kvinner.

Departementet viser til at eit felles butilbod for kvinner og menn med moglegheit for skjerming av brukarar ut frå individuelle behov, vil ivareta desse kvinnene og barna deira, men òg føre til at dei da må bu åtskilde frå andre. Kvinner med innvandrarbakgrunn har lenger butid på krisesenter enn andre kvinner og det er lite føremålstenleg dersom denne gruppa oftare ender med å bu isolert. Sidan kvinner, og kvinner med innvandrarbakgrunn er i fleirtal på krisesentera i dag, kan ei slik løysing potensielt føre til at eit høgare tal kvinner og barn må leve åtskilde enn det som er tilfelle i dag. I eit slikt tilfelle vil lova bli lik for kvinner og menn, men i realiteten vil kvinner bli stilt dårlegare på grunn av kjønn og eventuelt etnisitet og religion. Departementet viser vidare til at CEDAW har antyda at kvinner ikkje vert godt nok prioritert i krisesentertilbodet. Komitéen påpeika i avsluttande konklusjonane sine «den mangelfulle vurderinga av behovet for krisesenter for kvinnelege ofre for vald, samanlikna med menn og barn».<sup>25</sup> GREVIO evaluerte i 2022 korleis Noreg har implementert konvensjonen og uttrykte bekymring for at kvinner og menn vart innlosjert i same krisesenterbygg, med ulike inngangar. Dei peika på sikkerheitsrisikoen dette kan medføre. GREVIO tilrådde Noreg å sørgje for separate butilbod for kvinner og menn. Bakgrunnen for dette er at GREVIO er bekymra for at kvinner og menn i nokre tilfelle no er innlosjerte i same krisesenterbygg, med ulike inngangar. Å opne for eit felles krisesenter for kvinner og menn i enkelte tilfelle vil innebere å fjerne seg lengre frå GREVIO si tilråding.

### **6.3.2 Vidareføre fysisk skilde butilbod for kvinner og menn**

Bakgrunnen for ordninga med separate bueiningar for kvinner og menn, var å gi kvinner eit særleg vern fordi dei er mest utsette for vald frå menn. Dagens krisesentertilbod sikrar valdsutsette kvinner det vernet og den hjelpa dei har behov for, og oppfyller Noreg sine plikter etter Istanbul-konvensjonen og FN's kvinnekommisjonskonvensjon, inkludert tilrådinga til FN's kvinnekommisjon (CEDAW) om at statane etablerer tenestetilbod, inkludert eit krisesentertilbod, for offer for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

Departementet viser likevel til CEDAW og GREVIO sine innvendingar, sjå ovanfor.

Det er framleis slik at dei fleste brukarane av krisesentertilbodet er kvinner som er utsette for vald av ein mann. Nokre av kvinnene som bur på krisesenter er i svært høg risiko. Det er ei bekymring at det ved ei løysing med felles bueiningar i einskilde tilfelle ikkje alltid vil kunne avdekkjast om ein mann er valdsutsett, eller om han er ein overgripas som leitar etter offeret sitt. Den ytste konsekvensen av at ein valdsutøvar kjem seg inn på eit krisesenter, er drap. Etter departementet si vurdering er det å ha åtskilde butilbod ein ganske sikker måte å beskytte kvinnene på, og å førebyggje partnardrap.

Vidare har 63 prosent av brukarane innvandrarbakgrunn. Denne gruppa omfattar mellom anna kvinner med bakgrunn frå sterkt kjønnssegregerte samfunn. Ei anna gruppe er kvinner som på grunn av valden dei har opplevd, er vortne veldig redde for menn og for at mannen som har utsett dei for vald kan kome inn på senteret. Dette er svært sårbare

---

<sup>25</sup> Concluding observations on the tenth periodic report of Norway. CEDAW/C/NOR/CO/10

kvinner som har særleg behov for å bli ivaretatt. For å leggje til rette og trygge desse kvinnene, vél nokre krisesenter å ikkje tilsette menn. Det er ein fare for at ei løysing med felles krisesentertilbod for kvinner og menn vil gjere at desse kvinnene ikkje vil, eller vegrar seg mot å oppsøkje krisesenter, viss dei får høyre at det bur menn der. Etter departementet si vurdering vil ein slik konsekvens vere svært uheldig, og kan føre til at kvinnene og barna deira ikkje kjem seg ut av ein valdeleg relasjon.

Som nemnt er tilbodet til menn i praksis mangelfullt og i mange tilfelle òg dårlegare enn tilbodet til kvinner, og det er eit spørsmål om det kjønnsdelte krisesentertilbodet inneber ei forskjellsbehandling av mennene og barna deira. Dette er ikkje i tråd med intensjonen i lova. Ved ei vidareføring av skilde butilbod er det ein risiko for at dette vil halde fram. Departementet påpeikar at krisesentertilbodet etter lova er eit kommunalt ansvar. Kommunane har ei plikt til å gi eit tilbod til kvinner, menn og barn, og kommunane skal leggje til rette for at tilboda er likeverdige for kvinner, menn og barna deira. Det har vore ei utvikling med at fleire kommunar har prioritert å byggje nye krisesenterbygg, som er eigna til føremålet. Desse har gjerne både skilde butilbod og eigne avdelingar for menn. Dette løyser ein del av utfordringane, til dømes ved at personalet er meir tilgjengeleg for mennene, at barn i større grad kan vere saman med andre barn, at sikkerheita er ivareteken mv. Med høgare merksemd på menn utsette for vald og generelt høgare merksemd i kommunane om krisesentertilbodet, vil kvaliteten i tilbodet sannsynlegvis bli betre over tid.

### **6.3.3 Oppsummering**

Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane om kva forslag som er å føretrekke.

Departementet ber i tillegg om innspel til:

- kva for andre tiltak som kan ivareta menn og barna deira, og ikkje-binære personar, utan å endre kravet om skilde butilbod.
- kva for andre tiltak som kan ivareta dei mest sårbare brukarane ved ei løysing med felles krisesentertilbod.
- kva for andre krav det bør vere til eit felles krisesentertilbod.

## **7 Samvær for barn når forelder er på krisesenter**

### **7.1 Bakgrunn**

Det går fram av krisesenterstatistikken at heile 33 prosent av barn på krisesenter hadde samvær med mor eller far medan barnet var på krisesenteret. Det kan vere ei utfordring for den forelderen som er på krisesenter å avgjere om eige barn skal ha samvær med den andre forelderen. Spørsmål om samvær kan gjelde både tilfelle kor foreldrane bur saman og ikkje bur saman.

Der foreldre bur saman, har den som kjem med barnet til krisesenteret forlate den felles heimen. I desse tilfella vil det ikkje ligge føre ei bustads- eller samværsordning, og det vil vere eit spørsmål om barnet skal møte forelderen som er att i den felles heimen.

Der foreldre ikkje bur saman, kan dei ha avtalt eller fastsett delt fast bustad eller annan bustads- og samværsordning. I desse tilfella vil det vere eit spørsmål om avtalt eller fastsett ordning framleis skal praktiserast.

Det kan vidare vere tilfelle der forelderen kjem aleine til krisesenter og det er spørsmål om denne forelderen skal ha samvær med eit barn som ikkje er med på krisesenter.

Felles for alle nemnde tilfelle er at det er behov for å gjere vurderingar av barnet sin situasjon og om det er behov for tiltak for å beskytte barnet.

I sin første rapport om *Barnas havarikommisjon* sette Stine Sofie stiftelsen søkelyset på barn som godtek samvær til tross for motvilje og frykt for vald:<sup>26</sup>

Flere foreldre forteller at de ikke anmelder mistanke om vold og overgrep under samvær, i frykt for å bli anklaget for samværs sabotasje. Foreldre kan selv være voldsutsatt, og redde for å søke hjelp for senskader som PTSD, angst og depresjoner. De frykter det vil bli brukt mot dem i retten. Det kan bli skjebnesvangert for barna, som risikerer å sendes på samvær uten å bli beskyttet mot vold. Vi hører historier om barn som godtar samvær til tross for motvilje og frykt for vold. Vi hører historier om barn som har sterke reaksjoner før og etter samvær, uten at dette fører til endringer eller stans i samværsordningen.

Utfordringane kan ligge i at barnet blir pressa mellom lojalitet til den forelderen som ønskjer samvær, og eige ønske om å sleppe samvær. Omvendt kan barnet ønske samvær, men føle ansvar for å stå ved den forelderen som er på krisesenter. Samstundes kan den forelderen som er på krisesenter vere så nedbroten eller usikker at hen ikkje klarer å vurdere kva som er det beste for barnet. Samvær som ikkje er tilstrekkeleg vurdert kan føre til risiko for barn. Det kan òg ha alvorlege konsekvensar for forelderen som kan risikere ytterlegare vald ved overlevering til samvær.

Barnelovutvalet har vurdert i kva for tilfelle det ikkje skal vere samvær, og føreslår å vidareføre dagens terskel. Utvalet skriv at der det er mistanke om at barnet er utsett for vald eller andre alvorlege overgrep frå ein eller begge av foreldra, må dei som skal ta avgjerdene vere føre var, og saka må bli breitt belyst. Det er avgjerande at avgjerda viser at det er gjort grundige vurderingar av interessene til barnet og forelderen som ikkje får samvær. Utvalet viser til at EMD legg stor vekt på at nullsamvær må ha svært gode grunnar, og at det må vere «very exceptional circumstances» dersom familiebanda skal brytast.

---

<sup>26</sup> Stine Sofie stiftelsen, barnas havarikommisjon 01 /// 2023



## 7.2 Gjeldande rett

Krisesenterlova og forarbeida til lova tek ikkje stilling til spørsmål om samvær for barn som oppheld seg eller har ein forelder som oppheld seg på krisesenter. Dette betyr at dei alminnelege reglane gjeld, irekna menneskerettane og barnelova.

Etter lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) § 42 første ledd, har barnet rett til samvær med begge foreldra, jamvel om dei lever kvar for seg. Foreldra har eit gjensidig ansvar for at samværsretten vert oppfylt. Den av foreldra som barnet ikkje bur saman med, har rett til samvær med barnet om ikkje anna er avtalt eller fastsett. Etter barnelova § 30 tredje ledd følgjer det av foreldreansvaret at foreldra har plikt til å sørge for at barnet ikkje må bli utsett for vald eller på anna vis bli behandla slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare.

Etter menneskerettane har barn og foreldre rett til samvær, samstundes som barn har rett til vern mot vald og overgrep. EMK artikkel 8 slår fast at «enhver har rett til respekt for (...) sitt familieliv». Både Høgsterett og EMD har presisert at retten til familieliv inkluderer barn og foreldre sin rett til samvær med kvarandre.<sup>27</sup> For barn er retten til familieliv òg nedfelt i barnekonvensjonen artikkel 16. Vidare følgjer det av barnekonvensjonen 9 nr. 3 at styresmaktene skal sikre barnet sin rett til samvær med forelderen som barnet er skilt frå, med mindre samvær er i strid med omsynet til barnet sitt beste. Barn og foreldre sin rett til samvær kan kome i konflikt med barn sin rett til å bli beskytta mot vald. Denne retten er innfortolka i Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8 nr. 1, som slår fast at «enhver har rett til respekt for sitt privatliv». Styresmaktene si plikt til å beskytte barn mot vald er òg nedfelt i barnekonvensjonen artikkel 19.

Foreldre som ikkje bur saman avtalar som utgangspunkt ei bustad- og samværsordning, sjå barnelova § 36 og § 43. Dersom foreldre som ikkje bur saman er usamde, kan kvar av dei ta saka inn for retten, som ei foreldretvistsak. Det følgjer av barnelova § 48 første ledd at avgjerd i ei slik sak, først og fremst skal rette seg etter det som er best for barnet. Ved avgjerda skal det takast omsyn til at barnet ikkje må bli utsett for vald eller på anna vis bli behandla slik at den fysiske eller psykiske helsa vert utsett for skade eller fare, jf. barnelova § 48 andre ledd. Dersom det er risiko for at barnet blir utsett for vald eller på anna måte blir behandla slik at helsa til barnet blir utsett for skade eller fare, pliktar retten å fatte ei midlertidig avgjerd dersom ein av partane krev det, jf. barnelova § 60.

Dersom barnet kan bli utsett for vald, skal det ikkje gjennomførast samvær, sjølv om det finst ein samværsavtale eller dom. Dette går fram av forarbeida til barnelova, Ot.prp. nr. 85 (2012–2013) punkt 7.2.4 og avverjingsplikta i straffeloven § 196. Ei slik avgrensing vil gripe inn i både forelderens og barnet sin rett til familieliv, og føreset at nærmare bestemte krav til legalitet, sakleg grunn og forholdsmessigheit er oppfylte.<sup>28</sup> Barnet skal

---

<sup>27</sup> Se for eksempel HR-2021-476-A avsnitt 41.

<sup>28</sup> Sjø EMK artikkel 8 nr. 2 og Rt. 2015 s. 93 avsnitt 60.

heller ikkje tvingast til samvær. Barn sin motvilje mot samvær må føre til at domstolen greier ut saka skikkeleg. Det blir vist til Prop. 85 L (2012-2013) punkt 7.2.4.5:

Departementet opprettholder også anbefalingen fra høringsnotatet om at barn som for tiden ikke ønsker samvær, ikke skal pålegges dette før saken er tilstrekkelig utredet og barnets og familiens situasjon er tilfredsstillende klarlagt. Det er viktig at bakgrunnen for barnets vegring undersøkes.

I foreldretvistsaker kan retten setje vilkår for samvær, jf. barnelova § 43. Dette kan være aktuelt i tilfelle med samvær med antatt valdsutøvar, og kan til dømes vere knytt til kontroll av rusbruk, behandling av psykisk lidning, betring av foreldrefungering eller -samarbeid, eller privat tilsyn under samværet. Retten kan òg pålegge ei samværsordning med tilsyn frå ein offentlig utnemnd tilsynsperson, jf. barnelova § 43 a. Tilsynet kan etter lova vere beskyttande eller støttande, og det er det offentlege som ber kostnadene. Den som har forbod mot kontakt med eit barn etter straffeloven § 57 eller straffeprosesslova § 222 a, kan ikkje ha samvær med barnet etter avtale eller avgjerd. Dette gjeld likevel ikkje om forbodet etter nærmare føresegner gjev høve til det. Dette følgjer av barnelova § 43 b.

Dersom det er fremma påstandar om vald, er det særleg viktig at saka blir grundig greidd ut før retten treff ei avgjerd. Når ei valds- og overgrepssak blir behandla i retten, har domstolen ei plikt til å vurdere om den dømde skal bli ilagt kontaktforbod overfor barnet, slik at det heller ikkje skal vere samvær, jf. straffeloven § 282 og § 319.

Dersom ein forelder held barnet tilbake frå samvær, kan den andre foreldereren gå til domstolen og krevje tvangsgjennomføring. Det skal etter barnelova § 65 tredje ledd ikkje fastsetjast tvangsbod dersom oppfyljing av samværsretten er umogleg, til dømes der det er risiko for at barnet blir utsett for vald eller på anna vis behandla slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare.

### **7.3 Departementet sine vurderingar**

Når forelder med barn oppheld seg på krisesenter, oppstår spørsmålet om kontakt og møte mellom barn og foreldre. Det er ikkje særskilt regulert i krisesenterlova korleis dette skal handterast, og reglane i barnelova gjeld. Barnet har rett til samvær og foreldra har eit gjensidig ansvar for at samværsretten vert oppfylt. Samstundes har foreldre plikt til å verne barnet mot vald og overgrep. Det vil i alle tilfelle måtte gjerast konkrete vurderingar av avtalar og avgjerder om delt fast bustad og samvær, og om samvær kan gjennomførast, når barn oppheld seg på krisesenter. Ein må vurdere retten til samvær på den eine sida, og retten til å bli beskytta mot vald på den andre sida. Dette kan bli sett på spissen viss barn som oppheld seg på krisesenter skal ha samvær med ein forelder som er antatt valdsutøvar.

Saker om samvær med felles barn der det er påstandar om vald eller overgrep er vanskelege og representerer særskilde utfordringar. I tillegg til barnet sin rett til å bli beskytta, må ein òg ivareta begge foreldra sine krav på rettstryggleik. Auka kunnskap om

desse sakstypene kan bidra til at sakene blir fanga opp, blir betre opplyste og behandla best mogleg. Betre samarbeid mellom tenestene er òg viktig for at desse sakene skal kunne bli behandla på ein god måte.

Departementet meiner at det er viktig å nytte seg betre av dei moglegheitene som ligg i lovverket. Dette kan mellom anna vere hyppigare bruk av midlertidige avgjerder eller at domstolen nyttar moglegheita til å avgjere ei sak utan hovudforhandling, der det er openbert at vilkåra for endring i samværet ikkje er oppfylte. I saker der det er usemje knytt til om det har skjedd vald, kan det vere behov for at ein sakkunnig opplyser saka grundig, og mellom anna har samtalar med barnet. Dette vil sette domstolen i betre stand til å treffe gode avgjerder.

Dei tilsette på krisesentera har ei viktig rettleiingsrolle overfor brukarane av krisesentera, òg i spørsmål som gjeld samvær med barn. Temaet er omtala i Bufdir sin faglege rettleiar for innhaldet i krisesentertilbodet, og Bufdir forvaltar kompetansemiddel til tiltak retta mot tilsette i krisesentera.

Barnelova har ei rekkje føresegner som skal ivareta barnet sin rett til beskyttelse mot vald og overgrep. Det er i hovudsak opp til foreldra å vurdere barnet sin tryggleik i samband med spørsmål om gjennomføring av samvær for barnet og ta initiativ til endringar i avtalar eller reise sak for retten. Når det gjeld situasjonar der ein forelder er på krisesenter, kan situasjonen vere uoversiktleg og det kan oppstå spørsmål om kva som er forsvarleg ivaretaking av barnet. Ein forelder har rett og plikt til å halde barnet tilbake frå samvær (eller fast bustad) der det er risiko for vald og overgrep mot barnet.

Som nemnt under punkt 4, har Danmark sidan 2023 hatt ein regel om at det skal treffast ei midlertidig avgjerd om at det ikkje skal vere samvær, når barnet oppheld seg på krisesenter med ein av foreldra, og det kan godtgjerast at opphaldet skuldast vald eller truslar om vald. Verken etter dansk eller norsk lovgiving skal det vere samvær dersom samvær ikkje vil vere til barnet sitt beste. I dansk rett tek ein likevel som utgangspunkt at det er best for barn på krisesenter å ikkje ha samvær. Det er samstundes strenge krav til dokumentasjon i slike saker. Den danske regelen tredde i kraft i 2023, og departementet vil følgje med på rettsutviklinga og praksis i Danmark. Departementet trekkjer òg fram at norsk rett, i motsetning til dansk rett, ikkje har administrativ rettsbehandling av foreldretvistar.

Departementet ber høyringsinstansane gi innspel til kva for rolle krisesentera skal ha når det gjeld å vurdere om barn skal ha samvær med den andre forelder mens det er på krisesenter. Departementet ber i tillegg om innspel på korleis dette kan og bør regulerast, til dømes om ei løysing etter mønster av den danske eventuelt kan vere aktuelt.

Departementet viser elles til at det går føre seg eit arbeid med å følgje opp forslag i NOU 2020: 14 Ny barnelov. I samband med dette greier departementet ut fleire spørsmål nærmare, mellom anna behovet og moglegheitene for endringar i lov eller praksis for betre vern av barn mot vald og overgrep. Departementet vil fremje ein lovproposisjon om ny barnelov, og det kan òg vere aktuelt med ytterlegare utgreiingar for å vurdere nærmare

nye forslag og innspel som har kome til etter NOU 2020: 14, mellom anna innspel frå høyringsinstansane til forslag og spørsmål i dette høyringsnotatet.

## 8 Krisesentertilbodet til den samiske befolkninga

### 8.1 Bakgrunn

Samar rapporterer om høgare førekomst av vald og seksuelle overgrep enn personar med ikkje-samisk bakgrunn, sjå omtale i kapittel 3. Samstundes, som følgje av tidlegare fornorskingspolitikk, har mange samar liten tillit til norske styresmakter og hjelpeapparatet. Ifølgje Nasjonalt samisk kompetansesenter (NASAK) opplever samar at dei ikkje blir møtt med den nødvendige forståinga og kunnskapen i offentlege tenester. Mange kan vere redde for å bli misforstått, latterleggjort og ikkje bli tatt på alvor når dei oppsøker hjelp.

Fram til 2019 fanst det eit eige samisk krise- og incestsenter lokalisert i Karasjok kommune. Senteret ga eit tilbod til fleire kommunar i Finnmark, men kommunane valde å leggje ned krisesenteret etter at statsforvaltaren avdekte fleire brot og avvik frå lova. Karasjok kommune har over fleire år fått tilskot frå Bufdir for å reetablere og vidareutvikle eit tilbod i Indre-Finnmark og det skal etter planen opprettast ein satelittløyning i Karasjok, knytt til krisesenteret lokalisert i Alta.

Nedlegginga av senteret har ført til større merksemd om temaet. Stortinget fatta vedtak nr. 592 av 30 mai 2022, som lyder:

Stortinget ber regjeringen se til at krisesentertilbudet til den samiske urbefolkningen bedres, og orientere Stortinget på egnet vis.

Vedtaket vart gjort i samband med behandlinga av Dok. 8: 135 S (2021–2022), jf. Innst. 339 S (2021–2022).

GREVIO tok i 2022 opp saka i sin rapport om Noreg si implementering av Istanbul-konvensjonen:

GREVIO notes with concern the difficulties encountered by women belonging to indigenous groups, national minorities and migrant women in accessing services provided by crisis centres. In this context, GREVIO is concerned that the only crisis centre with specific expertise in supporting Sami people, located in Karasjok, in northern Norway, was closed in 2019 due to insufficient funding. Consequently, women living in Karasjok and its surrounding areas must travel approximately 200 kilometres to the cities of Alta or Hammerfest to reach the nearest crisis centres, and road closures during winter often prevent them from accessing crisis centres in other cities.

CEDAW-komiteén tilrådde i 2023 Noreg å løyve tilstrekkelege menneskelege, tekniske og økonomiske ressursar til å reetablere det samiske krisesenteret, jf. CEDAW/C/NOR/CO/10 punkt 31 g).

NORCE og NKVTS omtalar òg krisesentertilbodet til den samiske befolkninga i sin rapport om reetableringsfasen:<sup>29</sup>

Det skjer i dag mye positivt utviklingsarbeid med hensyn til å følge opp lovens forpliktelser om et likeverdig krisesentertilbud til alle innbyggere. Utsatte menn har fått bedret krisesentertilbudet de siste årene, som et resultat av at dette ble et lovpålagt krav. Det har imidlertid ikke skjedd for urbefolkningen, blant annet fordi tilbudet til samer har blitt redusert ved at antall krisesenter har gått noe ned de siste årene, også i den nordlige landsdelen.

I tillegg til manglande krisesentertilbud i Finnmark, er krisesentertilbodet generelt lite tilrettelagt for den samiske befolkninga i resten av landet. Det finst lite informasjon om krisesentertilbodet på samisk, det er lite kjennskap om samar mange stader og det manglar tilsette som snakkar samisk. Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) har vidare i rapporten «Vald og overgrep i samiske samfunn», peikt på kor viktig det er å heve kompetansen om samisk språk og kultur for å førebyggje og hindre vald.<sup>30</sup>

For å styrke kvaliteten på tilbudet for samiske barn, vaksne og familiar i barnevernet, familievernnet og krisesentera, vart NASAK, Nasjonalt samisk kompetansesenter, etablert i 2021. NASAK bidrar til eit meir likeverdig tenestetilbud til samiske barn og familiar, og til å styrke tilliten til hjelpeapparatet i den samiske befolkninga. NASAK gir mellom anna opplæring og rettleiing til tenestene, slik at dei er betre tilpassa brukarane sin språklege, historiske og kulturelle bakgrunn.

## 8.2 Gjeldande rett

Det følgjer av krisesenterlova § 3 at kommunen skal sørgje for at tilbudet «så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte». Utover krisesenterlova § 3 er det etter lova ingen krav om tilrettelegging av tilbud for særskilde definerte grupper kvinner, menn eller barn, heller ikkje den samiske befolkninga. Tilbodet omfattar alle i målgruppa, og tilbudet skal vere likeverdig.

Den samiske befolkninga har særskilde rettar etter Grunnlova § 108 og Konvensjon om urbefolkningar og stammefolk i selvstendige stater ILO nr. 169 av 27. juni 1987, som Noreg er tilslutta, og som forpliktar. Det følgjer av Grunnlova § 108 at «[d]ei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan tryggje og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt.». Grunnlova § 108 byggjer mellom anna på FN's konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 27, som vernar om minoritetars rett til bruk og utvikling av sitt eige språk og kultur, og FN's barnekonvensjon artikkel 30, som omhandlar at alle barn har rett til å bruke sitt eige

---

<sup>29</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter–kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

<sup>30</sup> Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter. Vold og overgrep i samiske samfunn. Temarapport 2018.

språk, sin eigen kultur og religion. Desse forpliktingane får følgjer òg for arbeidet til staten med å førebyggje og nedkjempe vald og overgrep i samiske samfunn.

ILO-konvensjonen inneheld ei rekkje særrettar for urfolk, mellom anna samar. Noreg ratifiserte konvensjonen i 1990. Det følgjer av konvensjonen at sosiale ordningar skal utvidast til å omfatte vedkomande folk, og skal bli anvende utan at vedkomande folk blir diskriminerte. Etter artikkel 2 har staten plikt til å setje i verk «samordnede og systematiske tiltak» for å verne om urfolk sine rettar. I artikkel 2 nr. 2 bokstav a) er det presisert at tiltaka skal omfatte verkemiddel for å sikre at urfolk «nyter godt av de rettigheter og muligheter som nasjonale lover og forskrifter sikrer for andre medlemmer av befolkningen, på lik linje med disse.».

### 8.3 Departementet sine vurderingar

Noreg skal være eit føregangslan når det gjeld urfolk sine rettar. Samar er ei nokså usynleg gruppe i krisesentersamanheng, særleg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Mange samar har norsk som morsmål, bur anonymt utanfor dei tradisjonelle samiske områda og etterspør ikkje tilpassing. Vidare held mange samar identiteten og kulturen sin skjult, av frykt for trakassering, hets eller fordomar.<sup>31</sup> Dette kan vere nokre av grunnane til at tilsette på krisesenter ikkje alltid oppfattar at personen dei hjelper er same, og av den grunn ikkje forstår livssituasjonen og behova til den utsette.

Som vist til, er erfaringa at samiske rettar ikkje alltid blir oppfylte i krisesentertilbodet, og at det må rettast større merksemd mot dette for å få til ei endring. Etter departementet sitt syn er det eit stort behov for å auke forståinga for at nokre brukarar av krisesentertilbodet er samar, med behov for eit tilbod tilpassa deira språk og kultur. Dette gjeld både i samiske område, og i resten av landet. Det forholdet at staten er forplikta til å sikre samar sitt språk, sin kultur og samfunnsliv etter Grunnlova § 108 og SP artikkel 27, i tillegg til at etter ILO-konvensjonen skal offentlege tenester leggjast til rette og brukast slik at samar ikkje blir diskriminert, talar for å synleggjere samar sine særskilde rettar i krisesenterlova. Etter departementet si vurdering vil det å synleggjere samar som gruppe i krisesenterlova, bidra til at det blir retta meir konkret merksemd på samar som ei særskild gruppe med eigne rettar, og med det òg leggje til rette for betre ivaretaking i praksis. Departementet viser òg til at det følgjer av Hurdalsplattforma at Noreg skal vere eit føregangslan når det gjeld urfolk sine rettar. Særskild regulering av samar sine rettar er òg gjort i andre lover, som til dømes helseføretaklova § 35.

Departementet føreslår på denne bakgrunnen ei eiga føresegn om dei særskilde rettane til samar i krisesenterlova § 3 nytt andre ledd. Føresegna er ikkje meint å gi nye rettar til samiske valdsutsette, men å tydeleggjere ansvaret til kommunane om å gi eit individuelt tilrettelagt tilbod til samar. Formuleringa «særskilde rettar» viser til at samar har rett til likeverdige offentlege tenester. Dette inneber at offentlege tenester må leggje til rette for,

---

<sup>31</sup> Frihet fra vold. Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner 2021 – 2024

og vere tilpassa behova til samar. Føreseigna vil kunne bidra til å auke merksemda om samar og gi eit betre krisesentertilbod til samiske kvinner, menn og barn. Dette er i tråd med både nasjonal lovgiving og internasjonale konvensjonar.

Departementet viser til lovutkastet til krisesenterlova § 3 nytt andre ledd.

## 9 Oppfølging i reetableringsfasen

### 9.1 Bakgrunn

Eit viktig mål med krisesentertilbodet er at valdsutsette skal reetablere seg i eit liv utan vald. Plikta til å sørje for oppfølging gjeld uavhengig av om den valdsutsette har opphalde seg på krisesenteret, eller berre brukt dag- eller telefontilbodet. God oppfølging i perioden etter brotet med valdsutøvar, kan for mange vere avgjerande for at dei ikkje vender tilbake til ein valdeleg relasjon. Vaksne kan ha behov for helsehjelp, sosialhjelp, rettshjelp til dømes i samband med opphaldsløyve eller skilsmisse, kontakt med politi eller barnevern, hjelp til å finne jobb mv. Barn treng først og fremst ein stabil og føreseieleg kvardag, god omsorg og moglegheit for å omarbeide vonde og skremmande opplevingar. Det er òg spørsmål som gjer seg særleg gjeldande for barn, til dømes å sikre ein trygg barnehage- eller skulekvardag.

Ifølgje krisesenterstatistikken vart det oppretta kontakt med andre tenester for 3 av 4 brukarar av butilbodet, og over halvparten av brukarane fekk hjelp til å ta kontakt med andre tenester. Dette viser at krisesentera har eit utbreitt samarbeid med andre instansar i enkeltsaker. Statistikken og forskning viser at samarbeidet likevel sjeldan er formalisert på overordna nivå, gjennom skriftlege avtalar.

NOVA si evaluering av implementeringa av krisesenterlova frå 2014 viste at mange senter opplevde utfordringar med å mobilisere hjelpeapparatet, særleg når det gjaldt bustad:

Et viktig spørsmål er hvor langt krisesentrenes ansvar strekker seg i reetableringsfasen. Her tyder undersøkelsen på at det er mye uklarhet. Mange krisesentre opplever utfordringer med å få det øvrige hjelpeapparatet på banen for sine brukere, særlig når det gjelder å skaffe ny bolig. Boligspørsmålet er kritisk både med tanke på å unngå at voldsutsatte flytter tilbake til overgriper, og med tanke på å redusere belastningen ved lange opphold ved krisesentre både for beboere, ofte med barn, og for krisesentrene.<sup>32</sup>

I NORCE og NKVTS sin rapport om oppfølging i reetableringsfasen<sup>33</sup> kjem det fram at barn opplevde at hjelpa var fragmentert. Lite informasjonsflyt i tenestene gjorde at dei måtte forklare seg om det same fleire gonger. Behova til barn vart heller ikkje alltid tatt

---

<sup>32</sup> Bakketeig, Ellisiv, m.fl. (2014): Kommunenes krisesentertilbud. Evaluering av kommunenes implementering av krisesenterloven. NOVA Rapport 19/2014.

<sup>33</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter-kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

omsyn til, heller ikkje at barn alltid skal få seie si meining om kor dei ønskjer å bu etter eit krisesenterhoppald, eller om samvær med den andre forelderen.

Rapporten peikar òg på at mange av krisesentera tar ein stor del av ansvaret for reetableringsprosessen:

For krisesentrenes ansatte opplevs arbeidet med å involvere andre tjenester som både tidkrevende og frustrerende, samtidig som det er uklart hvor langt deres ansvar strekker seg. Krisesentrene rapporterer at de bruker mye tid og ressurser på å hjelpe til med praktiske forberedelser knyttet til blant annet boligsituasjon, økonomi og omsorg av barn. I tillegg må krisesentrene gjerne følge opp voldsutsatte voksne og barn også etter oppholdet på krisesenteret, på grunn av lang ventetid hos andre tjenester, slik som Nav, som gjør at brukerne sliter med å få realisert sine rettigheter.

Ei årsak til utfordringane kan vere at resten av hjelpeapparatet ser på reetableringsfasen som noko som startar først når brukaren har flytta frå krisesenteret. Det kan setje brukaren, som ofte treng oppfølging frå fleire instansar for å kunne flytte ut av krisesenteret, i ein vanskeleg situasjon.

I undersøkinga av myndigheitene sin innsats mot vald i nære relasjonar såg Riksrevisjonen òg at det var behov for betre koordinering av det kommunale hjelpetilbodet, jf. dokument 3:8 (2021–2022):

Riksrevisjonen merker seg imidlertid at flere av krisesentrene savner større involvering fra kommunene for å tilrettelegge for et helhetlig hjelpetilbud. Det er dessuten mange krisesentre som ikke har skriftlige samarbeidsavtaler med andre tjenester i kommunen, men som hovedsakelig samarbeider med andre hjelpetilbud i enkeltsaker. Et helhetlig og koordinert tjenestetilbud forutsetter ikke bare at de ulike tjenestene kjenner til hverandre, men at det også foreligger rutiner og avtaler som avklarer ansvarsforholdene mellom aktørene, slik at den voldsutsatte sikres tett oppfølging og koordinering av ulike hjelpetiltak. Når mange kommuner ikke har slike rutiner eller avtaler for samarbeid mellom de ulike tjenestene kan dette få konsekvenser for de voldsutsatte.

I etterkant av Riksrevisjonen si undersøking, er likelydande føresegner om samarbeid mellom tenester innført i fleire lover, òg i krisesenterlova, jf. Prop. 100 L (2020–2021). Endringane tredde i kraft 1. august 2022. Det er utarbeida ei rettleiing til føresegnene, og det føregår ei femårig følgjeevaluering.

For å følgje opp funna om utfordringar i reetableringsfasen, ga departementet statsforvaltaren i oppdrag å prioritere tilsynet med korleis kommunane følgjer opp valdsutsette i reetableringsfasen. Dette gjaldt tildelingsbrev for 2020, 2021 og 2022. Det er gjennomført tilsyn med relativt få kommunar og fleire embete har meldt i si årsrapportering at dei ikkje har gjennomført tilsyn grunna prioriteringar eller ressursituasjonen.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken gjennomførte tilsyn med alle bydelane i Oslo i 2022-2023 og konkluderte med avvik for to bydelar i Oslo på grunn av manglande rutinar for samarbeid og manglar ved internkontrollen. Statsforvaltaren i Trøndelag gjennomførte eit eigenvurderingstilsyn med seks utvalde kommunar der det kom fram at oppfølginga under



og i etterkant av eit opphald på krisesenter er for lite systemisert. I tillegg er det i fleire kommunar uklart kven som har ansvar for å koordinere arbeidet i reetableringsfasen.

## 9.2 Gjeldande rett

Det følgjer av krisesenterlova § 2 andre ledd at krisesentertilbodet skal gi brukarane støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontakt med andre deler av hjelpeapparatet. Det omfattar mellom anna oppfølging i reetableringsfasen, jf. føresegna bokstav d, som viser til lova § 4 om samarbeid og samordning. Krisesentertilbodet er eit mellombels butilbod, som skal vare så kort tid som mogleg. Kor lang butida blir, vil måtte tilpassast, avhengig av tida det tar å få nødvendig hjelp til reetablering.

Verken lova eller forarbeida gir ein definisjon av «reetableringsfasen». I forarbeida er det lagt til grunn at oppfølginga i stor grad skal bestå av tiltak og tenester som allereie følgjer av andre regelverk.<sup>34</sup> Døme er reglar i lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) om plikt til å yte tenester og setje i verk tiltak for alle som oppheld seg i riket, og lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) som pålegg kommunen å sikre at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Ei rekke andre lover kan òg vere relevante, som lov 18. juni 2021 nr. 97 om barnevern (barnevernsloven) i saker der barn er involvert, eller lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven) der den valdsutsette har behov for vern. I forarbeida er det lagt til grunn at kommunen skal sørgje for at det vert utarbeida rutinar og samarbeidsavtalar mellom kommunen og tenesteleverandørar, og mellom kommunen og andre instansar som gir hjelp etter anna regelverk.

Det følgjer av krisesenterlova § 3 at krisesentertilbodet, så langt det lar seg gjere, skal tilpassast behova til den enkelte brukaren. Det gjeld òg tilbodet i reetableringsfasen. Døme på oppfølging som kan gjevast, er behandling i spesialisthelsetenesta, assistanse frå politi og rettsvesen, oppfølgingsamtaler, heimebesøk, sosiale tiltak eller sjølvhjelpsgrupper. Dag- og telefontilbodet i krisesentertilbodet er òg ein viktig del av oppfølginga i reetableringsfasen.

Etter krisesenterlova § 4 første ledd første punktum skal kommunen «sørgje for at krisesentertilbodet samarbeider med andre delar av tenesteapparatet dersom det er nødvendig for å gi brukaren eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.» Med «tenesteapparatet» blir det meint både kommunale, fylkeskommunale og statlege tenesteytarar, og under nærmare vilkår òg private tenesteytarar, skular og barnehagar, jf. krisesenterlova § 4 fjerde ledd.

Personar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett på ein individuell plan. Individuell plan er forankra i andre lovar, til dømes helselovgjevinga, men kan òg inkludere krisesentertilbodet. Krisesentertilbodet er i utgangspunktet eit kortvarig tiltak

---

<sup>34</sup> Ot.prp. nr. 96 (2008-2009) Om lov om kommunale krisesentertilbod kapittel 12, § 2

og andre instansar bør i utgangspunktet difor ha ansvaret for å utarbeide planen. Når personar med individuell plan brukar krisesentertilbodet, skal kommunen «sørgje for at krisesentertilbodet deltek i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen», jf. krisesenterlova § 4 første ledd andre punktum.

Det følgjer av krisesenterlova § 4 andre ledd første punktum at kommunen skal samordne tenestetilbodet. Kommunane kan sjølve bestemme kva for ein kommunal tenesteytar som skal ivareta denne samordninga, jf. andre punktum. Av tredje ledd følgjer at kommunen i tillegg til å følgje opp den enkelte brukar, skal sørgje for at krisesentertilbodet skal samarbeide med andre deler av tenesteapparatet for å sikre at krisesentertilbodet og dei andre tenestene kan ivareta sine oppgåver etter lov og forskrift.

Krisesenterlova § 6a pålegg kommunen å sikre at alle som utfører tenester eller arbeid etter lova, er merksame på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta eller helse- og omsorgstenesta, og varsle innanfor rammene av teieplikta.

I rettleiaren til krisesenterlova er det tilrådd at tilsette og bebuarar på krisesenter saman kartlegg kva støtte og oppfølging brukaren ønskjer og treng etter opphaldet. Oppfølginga kan òg omfatte «fortsatt hjelp fra krisesenteret, for eksempel mulighet til å ringe, kome til samtale eller delta i grupper og aktiviteter» og «tiltak i regi av andre tjenester, som helsetjenesten, NAV, introduksjonsordningen, politiet, etc.». Rettleiaren understrekar at kravet om oppfølging i reetableringsfasen òg gjeld for barn. Det er òg understreka at når barn på krisesenter opplever gjentekne brot i viktige relasjonar, som familie, venner, skule og fritidsaktivitetar, vil ein trygg kontaktperson på krisesenteret vere ei god støtte som kan styrke opplevinga av samanheng, kontinuitet og nærleik.

### **9.3 Departementet sine vurderingar og forslag**

Tidleg og koordinert hjelp er avgjerande for at brukarane av krisesentertilbodet skal kunne reetablere seg etter å ha opplevd vald i nære relasjonar. For barn kan oppfølging minske dei negative langsiktige konsekvensane av valden og gi betre livskvalitet på lang sikt. Departementet er særleg bekymra for barn som har gjentekne opphald på krisesenter. Dette er teikn på ein vedvarande ustabil situasjon i heimen til barnet.

Reetableringsfasen kan definerast som perioden den valdsutsette førebur tida etter eit opphald på krisesenter, og den meir langvarige tida etter at ein person har flytta frå eit krisesenter og framleis treng oppfølging. For dei som berre nyttar dagtilbodet startar reetableringsfasen når dei oppsøker hjelp. Behova og livssituasjonen varierer, og vegen til eit liv utan vald er ulik og individuell. I nokre tilfelle får valdsutøvaren behandling og familien kan fortsette å halde saman. For mange vil eit samlivsbrot og flytting vere nødvendig. Andre vil kunne ha større behov for å vere verna, til dømes med hemmeleg adresse eller ny identitet. Det er òg skilnad mellom kva vaksne og barn har behov for etter å ha opplevd vald i nære relasjonar. For barn vil skule, barnehage, fritidsaktivitetar og vener vere viktig. Vidare kan helsehjelp vere nødvendig og mange familiar vil òg ha behov for oppfølging frå barnevernet.

Det er difor viktig at dei rette tenestene blir involvert tidleg og følgjer opp utsette så lenge dei treng det for å få til ei vellukka reetablering. Etter departementet si vurdering er det òg viktig å klargjere ansvarsfordeling mellom krisesentera og andre kommunale tenester i reetableringsfasen. Den hjelpa utsette treng for å reetablere seg, er hjelp som andre tenester enn krisesentera har ansvar, kompetanse og nødvendig verkemiddel for å gi. Oppfølginga må difor skje i eit samarbeid mellom dei ulike tenestene. Dette vil til dømes omfatte både det statlege og kommunale NAV, helsetenestene og barnevernstenesta. Departementet viser til at rapporten frå NORCE og NKVTS peikar på manglar i helsetenester, særleg når det gjeld barn si tilgang til psykisk hjelp.<sup>35</sup> Kor godt samarbeidet er kan ha stor betydning for kor raskt den valdsutsette og barna kan reetablere seg, og korleis det nye livet blir. Departementet viser i denne samanheng til at ein av grunnane til at ansvaret for krisesentertilbodet vart lagt til kommunane, var nettopp nærleik til brukarane og andre tenester brukarane kan ha behov for, sjå Ot.prp. nr. 96 (2008-2009), punkt 4. Godt koordinerte tenester sikrar kvalitet i reetableringsarbeidet.

På denne bakgrunnen føreslår departementet at det i krisesenterlova § 2 andre ledd bokstav d) blir gjort tydeleg at krisesentertilbodet skal omfatte oppfølging i reetableringsfasen i samarbeid med andre deler av tenesteapparatet. Tilvisinga til krisesenterlova § 4 om plikta til å sikre samarbeid og samordning blir vidareført. Endringa inneber ikkje realitetsendringar eller nye oppgåver for kommunane.

I tillegg føreslår departementet nokre mindre endringar i strukturen i andre ledd og eit nytt tredje ledd for å gjere det tydelegare kva tilbod krisesentera skal omfatte. Dette er av pedagogiske grunnar, og inneber ingen realitetsendringar i rettstilstanden.

Departementet viser til lovutkastet til krisesenterlova § 2 andre ledd og nytt tredje ledd. Noverande tredje, fjerde, femte og sjette ledd, blir høvesvis nytt fjerde, femte, sjette og sjuande ledd.

## **10 Gratisprinsippet i krisesentertilbodet: mat og reise**

### **10.1 Bakgrunn**

Det følgjer av krisesenterlova at tilbodet skal vere gratis. Stortinget har reist spørsmålet om tilbodet i praksis er gratis når brukarane ved enkelte krisesenter må betale ein eigenandel for mat, og òg må betale reisekostnadane sjølve for å kome seg til og frå krisesenteret. Stortinget fatta 25. mai 2021 vedtak nr. 972, som lyder:

Stortinget ber regjeringa gå gjennom lov om kommunale krisesentertilbud og legge opp til at det ikke tas egenandel for mat frå den enkelte.

---

<sup>35</sup> Jahnsen, Synnøve Økland, et al. "Krisesenter–kommunenes arbeid og oppfølging i reetableringsfasen." (2022)

Vedtaket vart gjort i samband med behandlinga av eit representantforslag om eit styrkt og gratis krisesentertilbod for valdsutsette, jf. Dok. 8:134 S (2020–2021) og Innst. 427 S (2020–2021).

Stortinget fatta vidare 7. mai 2024 vedtak nr. 611, som lyder:

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2024 utrede og fremme forslag til tilstrekkelige lovhjemler som sikrer at kostnader knyttet til reiser til og fra krisesenter blir dekket.

Vedtaket vart gjort i samband med handsaminga av Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024–2028) Trygghet for alle, jf. Prop. 36 S (2023–2024), Innst. 259 S (2023–2024).

### **10.1.1 Om mat på krisesenter**

Gjeldande ordning er gratis, og det skal ikkje krevjast betaling for opphaldet, med unntak av eventuelle utgifter til mat til kostpris. Innanfor desse rammene vél kommunane fritt korleis dei vil organisere mat og måltid. Det ligg ingen føringar i lova om at krisesentera skal servere mat til brukarane. I motsetning til hos andre helse- eller omsorgsinstitusjonar, kan dei som oppheld seg på krisesenter kome og gå som det passer dei. Når krisa er stabilisert, skal dei òg vere i stand til å fungere i kvardagen, mellom anna handle og lage mat.

Buudir har samla inn informasjon om korleis krisesentera har valt å gjere det med mat, sist i januar 2024. Krisesentera har organisert det på ulike måtar. Ved eit krisesenter er det tilsette ved senteret som kjøper inn mat for alle bebuarar på bestilling. Senteret har i tillegg eit sentralkjøkken og eigen kokk som lager middag til bebuarane dagleg. Brukarane må betale ein eigenandel for maten som blir kjøpt inn og for den maten dei får servert. Senteret opplyste til Buudir at satsane er 125 kroner per døgn for vaksne og 55 kroner per døgn for barn under ti år. Senteret vurderer at det har ein viktig miljøterapeutisk verdi at tilsette og bebuarar et saman, då det gir rom for gode møte. Senteret opplyser vidare at ingen brukar blir avvist fordi dei ikkje har pengar til å betale for mat på krisesenter. Dei får mat så lenge dei treng det, og får hjelp til å søkje NAV om midlar til livsopphald viss det er nødvendig.

Ved eit anna krisesenter får brukarane all mat mens dei bur på krisesenter slik at dei ikkje har nokre matutgifter under opphaldet. Grunngevinga til krisesenteret er at det ikkje er eit reelt lågterskeltilbod viss maten ikkje er gratis. Krisesenteret oppgav i 2021 at dei brukte om lag 200.000 kroner på mat årleg.

Om lag 40 senter har gitt tilbakemelding om at bebuarane må kjøpe og lage mat sjølve. Desse krisesentera opplyser at dei alltid har eit matlager for inntømt og akutte situasjonar. I tillegg betalar krisesenteret for enkelte fellesmiddagar, mat ved høgtider, bursdagar o.a. Desse krisesentera understrekar at alle får mat av senteret fram til dei klarar å kjøpe mat sjølve. Desse krisesentera uttrykker at dei er fornøgde med ordninga og meiner at tilbodet kan reknast som gratis til tross for at brukarane må kjøpe eigen mat.

Dei meiner at ved å ordne mat sjølve får brukarane oppleving av sjølvstende og normalitet.

### **10.1.2 Om utgifter til reise**

At brukarane må betale utgiftene sjølve for å kome til krisesenteret er ei ny problemstilling som verken er nemnt i forarbeida til krisesenterlova eller tatt opp i nokre av forskingsrapportane omtala under kapittel 5. Etter departementet si vurdering kan problemstillinga sjåast i samanheng med problemstillinga med lange avstandar til krisesenteret som er reist av fleire, da avstand vil ha betydning for storleiken på reisekostnadane. Departementet viser her til at Riksrevisjonen i undersøkinga av styresmakta si innsats mot vald i nære relasjonar, peika på utfordringane med lange avstandar til nærmaste krisesenter i delar av landet, og uttalar følgjande:

Lang avstand til krisesentre i deler av landet skaper utfordringer for en del voldsutsatte å nyttiggjøre seg tilbudet. Dette gjelder både mulighet for å oppsøke tilbudet ved akutt behov for beskyttelse, men også for støtte i en reetableringsfase.

GREVIO har òg merka seg avstandane i nokre regionar, og uttalar følgjande i si evaluering av Noreg si implementering av Istanbul-konvensjonen:<sup>36</sup>

For 24 crisis centres, the longest travel distance is over 100 km, which can represent a significant barrier to help-seeking for women living in isolated and rural areas.

Barrierane det er vist til kan både vere praktiske og økonomiske.

## **10.2 Gjeldande rett**

Krisesenterlova § 2 andre ledd stiller krav til innhaldet i krisesentertilbodet. Det følgjer av føresegna bokstav a at «tilbodet» skal omfatte eit «gratis» krisesenter eller eit tilsvarende midlertidig butilbod, og eit «gratis dagtilbod, jf. bokstav b. Innhaldet i omgrepet «gratis» er utdjupa i forarbeida til krisesenterlova, sjå Ot.prp. nr. 96 (2008-2009) s. 48. Av merknaden til krisesenterlova § 2 følgjer:

Etter føresegna andre ledd bokstav a, skal butilbodet vere gratis. Det skal ikkje krevjast betaling for opphaldet, med unntak av eventuelle utgifter til mat til kostpris.

## **10.3 Departementet sine vurderingar**

### **10.3.1 Om mat på krisesenter**

Stortinget har i vedtak nr. 972 bedt regjeringa gå gjennom krisesenterlova og «legge opp til at det ikke tas egenandel for mat fra den enkelte.» Slik departementet forstår dette, er føremålet at matutgifter ikkje skal vere eit hinder for at valdsutsette oppsøker hjelp på krisesenter. Vidare forstår departementet det slik at brukarane ikkje i noko tilfelle skal

---

<sup>36</sup> GREVIO. Baseline Evaluation Report Norway. GREVIO/Inf(2022)30

risikere å få eit etterbetalingskrav etter å ha vore på krisesenter, heller ikkje når kravet gjeld mat til kostpris. Med «mat til kostpris» forstår departementet kostnadene ved å kjøpe inn mat. Krisesentera skal med andre ord i alle tilfelle vere eit gratis lågterskeltilbod til alle valdsutsette som treng vern, uavhengig av kva deira økonomiske situasjon er. Departement vil påpeika at slik det er i dag, er spørsmålet om utgifter til mat ei utfordring ved berre eit av dei 43 krisesentera, og utfordringa er difor vurdert som avgrensa.

Departementet har vurdert ulike løysingar, med utgangspunktet i Stortinget sitt vedtak.

Ei løysing er å pålegge alle kommunane å tilby gratis mat til alle dei som oppheld seg på krisesenter. Dette vil gi ein lik og føreseieleg praksis over heile landet. Departementet tolkar forarbeida i krisesenterlova slik at det er sjølv opphaldet som er gratis - måltid er ikkje rekna som ein integrert del av «tilbodet». Lest i samanheng tilseier ordlyden i lova og forarbeida at krisesentera har ein valfridom. Det er tilgang til å krevje at brukarane betaler for matutgifter, men inga tilsvarande plikt til å servere mat. Å gi ei plikt til kommunane om å tilby gratis mat vil kunne ha uforholdsmessige store økonomiske konsekvensar for kommunane, samanlikna med kva problem dette skal løyse. Ei plikt for krisesentera til å kjøpe mat til alle bebuarar vil vere ressurskrevjande – ressursar som heller bør brukast til brukarretta oppgåver. Eit anna moment er at ei slik løysing vil kunne fråta brukarane opplevinga av sjølvstende og normalitet i kvardagen. Det er ikkje ønskjeleg.

Departementet har kome til at kommunane framleis bør kunne bestemme sjølv korleis dei skal organisere mattilbodet på krisesentera, men likevel slik at dei ikkje lenger skal kunne krevje betaling for mat til kostpris. Ei slik løysing vil få praktiske konsekvensar for dei kommunane som tilhøyrrer det eine senteret som fakturerer mat til kostpris. Dei må no velje om dei vil fortsette å kjøpe mat til brukarane, men då på kommunane si rekning, eller om dei vil endre praksisen. Alle andre senter vil kunne vidareføre dagens praksis, dvs. enten tilby gratis mat, la brukarane kjøpe eigen mat, eller ein blanding av dei to løysingane.

Etter departementet si vurdering balanserer forslaget behovet for fleksibilitet og valfridom for kommunane på den eine sida, og behovet for føreseielegheit for brukarane på den andre sida. Tiltaket vil i lita grad gripe inn i det kommunale sjølvstyret.

Departementet ønskjer samstundes å understreke at praksisen med matlager for akutte situasjonar bør bestå. Dette er ein viktig praksis som ikkje er lovregulert, men som krisesentera har opparbeidd, og som sikrar at brukarar får mat, òg når dei ikkje klarar å kjøpe eigen mat. Dette kan blant anna gjelde dei som ikkje har økonomisk stønad frå NAV, eller dei som ikkje kan bevege seg ut av krisesenteret av sikkerheitsgrunnar.

Departementet viser til at problemstillinga knytt til mat kan tyde på at det er usikkerheit rundt gratisprinsippet og kor langt det rekk. Departementet viser til at lovforarbeida er klare på at tilbodet skal vere gratis, det vil seie utan tilgang til å krevje nokon eigenandel frå brukarane. Departementet viser òg til at Noreg etter Istanbul-konvensjonen er plikta til

å ha lett tilgjengelege krisesenter. Eigenandelar kan i praksis vere ei hindring til å få hjelp på krisesenter. Departementet føreslår difor ei føresegn i lova som slår fast at det ikkje kan krevjast eigendel for nokon del av tenesta. Departementet viser til lovutkast til krisesenterlova § 2 nytt fjerde ledd nytt andre punktum.

### **10.3.2 Om utgifter til reise**

Stortinget har i vedtak nr. 611 bedt regjeringa greie ut og fremje forslag til tilstrekkelege lovheimlar som sikrar at kostnader knyta til reiser til og frå krisesenter blir dekkja. Problemstillinga er ikkje fullstendige greidd ut, men departementet tolkar det slik at Stortinget ønskjer å løyse utfordringa med at nokre utsette ikkje oppsøker krisesentera fordi det er for kostbart å reise dit. Vidare legg Stortinget opp til at løysinga er at utsette får refundert reiseutgiftene. Sida krisesentertilbodet er eit kommunalt ansvar, så legg departementet til grunn at det er kommunane som må refundere utgiftene. Ei grov berekning viser at det kan koste om lag 7,5 mill. kroner å dekkje reiseutgiftene til brukarane av krisesentertilbodet. Dette gjeld både dagtilbodet og butilbodet. Kostnader vil vere høgare for kommunane der det er størst avstand til krisesenter. Det er til dømes 10 krisesenter som har lengste reiseavstand på over 200 km.

Dette reiser ulike spørsmål:

- Er reiseutgifter ei kjend utfordring i krisesentertilbodet?
- Vil ei refusjonsordning for reiseutgifter gjere krisesentera tilgjengelege for fleire?
- Er det andre tiltak som kan setjast i verk for å løyse problemet?
- Korleis bør ei slik refusjonsordning organiserast? Skal alle som oppsøker eit senter få refusjon eller bør det leggjast opp til ei rekvisisjonsordning? Korleis skal ein sørgje for å ivareta personvernet til dei som oppsøker krisesentera? Korleis vil det fungere både opp mot lågterskelprinsippet og mot prinsippet om fritt krisesenterval?

Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane om kva for måte ei refusjonsordning for reise til og frå krisesentera kan utformast.

## **11 Behandling av personopplysningar og oppslag i Folkeregisteret**

### **11.1 Bakgrunn**

Dei lovpålagte oppgåvene etter krisesenterlova til kommunale krisesentertilbod føreset behandling av personopplysningar. Dagens krisesenterlov inneheld ikkje ei eiga føresegn om behandling av personopplysningar, og i praksis nyttar krisesentera samtykke frå brukaren som grunnlag for behandling av personopplysningar om brukaren. Det er eit spørsmål om det bør innførast ei føresegn om behandling av personopplysningar i krisesenterlova.

Buudir har gjort ei kartlegging som viser at så å seie alle krisesentera behandlar personopplysningar om brukarane, både vaksne og barn, og i noko grad òg om personar i

nær relasjon til brukaren. Personopplysningane omfattar opplysningar om namn, fødselsdato, kontakt med andre instansar, statsborgarskap, personnummer m.m. Det er òg relativt vanleg å spørje om opplysningar som reknast som sensitive personopplysningar, til dømes spørsmål om helse, i nokon grad religion og straffbare forhold. Føremåla med innhentinga av opplysningane er å gi eit trygt butilbod, samordne med andre tenester, gi råd og rettleiing og å hjelpe i rettssaker. Alle sentera, unntatt eitt, byggjer behandlinga av personopplysningar på samtykke frå brukaren. Nesten alle sentera innhentar samtykke gjennom skjema eller erklæring, og mange oppgir at det i tillegg skjer munnleg. Samtykke til behandling av personopplysningar om barn vert nesten alltid innhenta frå forelderen på senteret, og om lag halvparten av sentera innhentar òg samtykke frå barnet sjølv. Litt over halvparten av sentera har rutinar for sletting av personopplysningar etter ei bestemt tid, oftast etter to år. Fleire nemner at opplysningar vert sletta automatisk ved utflytting, eller om brukar sjølv ønskjer det.

## **11.2 Gjeldande rett**

### **11.2.1 Personopplysningslova og personvernforordninga**

Personvernforordninga er innlemma i EØS-avtalen og inkorporert i norsk rett gjennom lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysningar (personopplysningslova). Personvernforordninga skal verne dei grunnleggjande rettane til fysiske personar og fridommar ved behandling av personopplysningar, samstundes som ho skal sikra fri flyt av personopplysningar mellom medlemsstatane.

Personvernforordninga gir reglar om behandling av personopplysningar.

Personopplysningar blir definerte i forordninga som alle opplysningar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person, jf. artikkel 4 nr. 1. Med «behandling» blir meint alle operasjonar eller rekkje av operasjonar som blir gjorde med personopplysningar, enten dei er automatiserte eller ikkje, jf. artikkel 4 nr. 2. Typiske døme på behandling er innsamling, registrering, lagring, tilpassing eller endring, gjenfinning, bruk, utlevering, samanstilling eller samkøyring og sletting.

Personvernforordninga stiller mellom anna opp grunnleggjande prinsipp og vilkår for behandling av personopplysningar. Den behandlingsansvarlege har ansvaret for at dei grunnleggjande prinsippa og vilkåra til ei kvar tid er oppfylte.

Omgrepet «behandlingsansvarlege» er definert i artikkel 4 nr. 7 i forordninga.

Behandlingsansvarlege er ein fysisk eller juridisk person, ei offentleg styresmakt, ein institusjon eller alle anna organ som åleine eller saman med andre bestemmer føremålet med behandlinga av personopplysningar og kva middel som skal nyttast.

#### ***Grunnprinsippa til personvernforordninga***

Reglane for behandling av personopplysningar byggjer på nokre grunnleggjande prinsipp som er fastsette i personvernforordninga artikkel 5. Prinsippa heng saman, og angir



rammer og krav som må følgjast ved alle behandlingar av personopplysningar. Den behandlingansvarlege skal kunne dokumentere at desse prinsippa blir overhaldne (ansvarlegheitsprinsippet).

All behandling av personopplysningar må vera lovleg, rettferdig og open med omsyn til den registrerte. Det betyr mellom anna at det må føreligge eit gyldig rettsleg grunnlag før behandling av personopplysningar kan skje, eit såkalla behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 6.

Personopplysningar kan berre samlast inn til spesifikke, uttrykkjeleg angitte og rettmessige føremål. Konkrete føremålsopplysningar er særleg viktig, då det i utgangspunktet er forbode å vidarebehandle opplysningar på ein måte som ikkje harmonerer med det opphavlege føremålet (føremålgrensing). Personvernforordninga stiller opp unntak frå forbodet mot å behandle personopplysningar til uforeinelege føremål i artikkel 6 nr. 4. Dersom vidarebehandling byggjer på «samtykke eller på unionsretten eller medlemsstatenes nasjonale rett som utgjør et nødvendig og forholdsmessig tiltak i et demokratisk samfunn for å sikre oppnåelse av målene nevnt i artikkel 23 nr. 1», vil uforeineleg vidarebehandling vere tillate. Det må i så fall ligge føre eit særskilt rettsgrunnlag knytt til sjølve vidarebehandlinga.

Med eit uttrykkjeleg angitt og konkret føremål vil det vere enklare å angi kva personopplysningar som er adekvate, relevante og nødvendige for å oppfylle føremålet (prinsippet om dataminimering). Dette prinsippet inneber at mengda innsamla personopplysningar skal avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå føremålet med innsamlinga.

Personopplysningar som blir behandla skal vere korrekte. Opplysningane skal òg oppdaterast viss det er nødvendig (prinsippet om riktigheit). Prinsippet om lagringsavgrensing inneber at personopplysningar ikkje skal lagrast lenger enn det som er nødvendig for føremålet dei vart samla inn for. Personopplysningar skal vidare behandlast slik at integriteten og konfidensialitet til opplysningane blir verna (prinsippet om integritet og konfidensialitet).

### ***Nærmare om kravet til behandlingsgrunnlag***

Behandling av personopplysningar er berre lovleg dersom det ligg føre eit behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 6. Dette må identifiserast før ei behandling av personopplysningar startar. Forordninga artikkel 6 nr. 1 oppstiller ei uttømmende liste over alternative grunnlag i bokstavane a) – f).

Dei mest aktuelle behandlingsgrunnlaga på krisesenterområdet er artikkel 6 nr. 1 bokstav a), c) og e).

Artikkel 6 nr. 1 bokstav a) opnar for behandling av personopplysningar etter samtykke frå den registrerte. Det kjem fram av fortalen til forordninga at samtykke bør unngåast som rettsleg grunnlag der det er ein klar ujamnskap mellom den registrerte og den behandlingansvarlege, særleg dersom den behandlingansvarlege er ei offentleg

styresmakt og det difor er usannsynleg at samtykket er gitt frivillig med omsyn til alle omstende som kjenneteiknar den bestemde situasjonen, jf. fortalepunktet til forordninga 43.

Artikkel 6 bokstav c) opnar for behandling av personopplysningar dersom behandlinga er «nødvendig for å oppfylle en rettslig forpliktelse som påhviler den behandlingsansvarlige». Vidare opnar artikkel 6 bokstav e) for behandling når behandlinga er «nødvendig for å utføre en oppgave i allmenhetens interesse» eller «utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt».

Grunnlaget for behandlinga etter bokstav c) og e) skal «fastsettes» i EØS-retten eller i den nasjonale retten til medlemsstatane, jf. artikkel 6 nr. 3. Dette inneber at artikkel 6 nr. 1 bokstav c) og e) ikkje åleine kan utgjera behandlingsgrunnlaget. Ved behandling med grunnlag i bokstav c) og e) blir det stilt krav om supplerande rettsgrunnlag, sjå nedanfor for nærmare skildring av dette kravet.

For behandlingsgrunnlaget i bokstav c) og e) blir det vidare oppstilt eit krav om at det må vere nødvendig, noko som inneber at behandlinga av personopplysningar må vere nødvendig for å oppfylle ei rettsleg forplikting, utføre ei oppgåve i interessa til allmenta eller for å utøve offentleg styresmakt.

Personvernforordninga artikkel 9 oppstiller tilleggsvilkår for behandling av såkalla særlege kategoriar av personopplysningar. Dette inkluderer opplysningar om rasemessig eller etnisk opphav, politisk oppfatning, religion, filosofisk overtyding, eller fagforeiningsmedlemskap og genetiske og biometriske opplysningar med det føremålet å eintydig identifisere ein fysisk person, helseopplysningar eller opplysningar om det seksuelle forholdet til ein fysisk person eller seksuelle orientering, jf. artikkel 9 nr. 1. Særlege kategoriar av personopplysningar er gitt eit særskilt vern, ved at ein av unntaksreglane i artikkel 9 nr. 2 bokstav a) – j) må vere oppfylt for at behandlinga skal vere lovleg.

Det følgjer av personvernforordninga artikkel 10 at behandling av opplysningar om straffedommar og lovbrøt berre skal utførast under kontrollen til ei offentleg styresmakt eller dersom behandlinga er tillate i samsvar med EØS-retten eller den nasjonale retten til medlemsstatane som sikrar nødvendige garantiar for dei registrerte sine rettar og fridommar.

Vidarebehandling av personopplysningar for arkivformål i interessa til allmenta, for føremål knytt til vitenskapleg eller historisk forskning eller for statistiske føremål blir sett på som samsvarande med dei opphavlege føremåla, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b). Slik vidarebehandling krev difor i utgangspunktet ikkje særskilt vidarebehandlingsgrunnlag. Personopplysningslova § 8 og § 9 forklarar når personopplysningar og særlege kategoriar av personopplysningar kan behandlast til statistiske føremål etter norsk rett. Ved behandling av særlege kategoriar av personopplysningar til dette føremålet er det oppstilt eit ytterlegare vilkår i

personopplysningslova § 9 nr. 1 om at interessa i samfunnet i at behandlinga finn stad klart må overstige ulempene for den enkelte.

### *Krav om supplerande rettsgrunnlag*

Etter personvernforordninga artikkel 6 nr. 3 krev behandling av personopplysningar med grunnlag i artikkel 6 nr. 1 bokstav c) og e) eit supplerande rettsgrunnlag fastsett i EØS-retten eller i den nasjonale retten til medlemsstatane. Føremålet med behandlinga skal vere fastsett i nemnde rettslege grunnlag eller, når det gjeld behandling som nemnt i nr. 1 bokstav e), vere nødvendig for å utføre ei oppgåve i interessa til allmenta eller utøvd offentlig styresmakt som den behandlingsansvarlege er pålagd. Vidare kjem det fram at EØS-retten eller den nasjonale retten til medlemsstatane skal oppfylle eit mål i interessa til allmenta og stå i eit rimeleg forhold til det rettmessige målet som blir søkt oppnådd.

Det er lagt til grunn i forarbeida til personopplysningslova, Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.3.2, at i alle fall lov- eller forskriftsføresegner kan utgjere eit supplerande rettsgrunnlag.

Vidare nemner artikkel 6 nr. 3 døme på kva det supplerande rettsgrunnlaget kan innehalde:

[...] allmenne vilkår for lovlig behandling av personopplysningar, fastsatte spesifikasjonar for å fastslå hvem den behandlingsansvarlege er, hvilken type personopplysningar som skal behandles, de berørte registrerte, hvilke enheter personopplysningene kan utleveres til, formålsbegrensninger, hvor lenge opplysningen kan lagres og andre tiltak for å sikre lovlig og rettferdig behandling.

I forarbeida til personopplysningslova, Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.1 og 6.4, følgjer det at krava til det supplerande rettsgrunnlaget må tolkast i lys av Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 8 og Grunnlova § 102, i tillegg til legalitetsprinsippet i Grunnlova § 113. Det betyr at kravet til klarheit, nødvendighet og proporsjonalitet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav a) og fortalepunkt 39, må tolkast i lys av legalitetsprinsippet og EMK artikkel 8 og Grunnlova § 102. Det følgjer òg av fortalepunktet til personvernforordninga 41 at det rettslege grunnlaget bør vere tydeleg og presist, og at bruken bør vere føreseieleg for personar som blir omfatta av det. Desse krava skal verne mot vilkårlegheit og sikre tilstrekkeleg presisjon.

Behandling av personopplysningar på krisesenterområdet kan aktualisere det grunnleggjande omsynet til barnet sitt beste og retten til familieliv. Omsynet til barnets beste følgjer mellom anna av Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3. Retten til familieliv følgjer av Grunnlova § 102 og EMK artikkel 8.

Om det finst eit tilstrekkeleg supplerande rettsgrunnlag er avhengig av ei konkret vurdering, inkludert kor inngripande behandlinga av personopplysningar er. Jo meir inngripande behandlinga er, dess strengare krav må stillast til utforminga av det supplerande rettsgrunnlaget. Vurderinga av grada av inngrep og arten til inngrepet, blir

difor avgjerande for behovet for eit meir spesifikt grunnlag enn minimumskravet etter ordlyden i personvernforordninga artikkel 6 nr. 3.

### *Reglane i forordninga om særlege kategoriar av personopplysningar*

Behandling av særlege kategoriar av personopplysningar er i utgangspunktet forbode, jf. artikkelen til forordninga 9 nr. 1. Slike opplysningar kan berre behandlast dersom ein kan vise til eitt av unntaka i artikkel 9 nr. 2.

På krisesenterområdet er unntaket i nr. 2 bokstav g) mest relevant. Dette opnar for behandling som er nødvendig av omsyn til «viktige allmenne interesser», og krev eit supplerande rettsgrunnlag i EØS-retten eller i nasjonal rett.

Føresegna i bokstav g) krev vidare at behandlinga skal stå i eit rimeleg forhold til det målet som blir søkt oppnådd, samsvare med det grunnleggjande innhaldet i retten til vern av personopplysningar og sikre eigna og særlege tiltak for å verne dei grunnleggjande rettar og interesser til den registrerte. Garantiane skal ha som det primære føremålet sitt å sørge for at behandlinga skjer i tråd med dei grunnleggjande prinsippa for behandling av personopplysningar, teke i betraktning sensitiviteten til opplysningane, føremålet med behandlinga og risikoen ved behandlinga osv., jf. Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 7.1.3.

### *Vidarebehandling*

Det følgjer av personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b) at personopplysningar skal samlast inn for «spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål og ikke vidarebehandles på en måte som er uforenelig med disse formålene». Artikkel 6 nr. 4 angir ei ikkje-uttømmende liste med moment som skal vektleggjast i vurderinga av om vidarebehandlinga samsvarer med innsamlingsføremålet, mellom anna «enhver forbindelse mellom formålene som personopplysningene er blitt samlet inn for, og alle formålene med den tiltenkte vidarebehandlingen», jf. bokstav a). Etter fortalepunkt 50 i forordninga krev samsvarande vidarebehandling ikkje eit anna rettsleg grunnlag enn det som ligg til grunn for innsamlinga av personopplysningar. Ei vidarebehandling som ikkje harmonerer med innsamlingsføremålet, er i utgangspunktet forbode, jf. forordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b). For at ei slik vidarebehandling skal vere lovleg, må ho enten ha eit særskilt rettsgrunnlag i EØS-retten eller nasjonal rett eller vere basert på samtykke frå den registrerte, jf. forordninga artikkel 6 nr. 4, der det kjem fram at EØS-retten eller den nasjonale retten må «utgjør[e] et nødvendig og forholdsmessig tiltak i et demokratisk samfunn for å sikre oppnåelse av målene som nevnt i artikkel 23 nr. 1».

### *Rettane til dei registrerte*

Personvernforordninga oppstiller ei rekkje krav som skal ta vare på rettane til dei registrerte.

Personvernforordninga artikkel 12, 13 og 14 pålegg den behandlingsansvarlege å gi informasjon til den registrerte når ein behandlar personopplysningane deira, og etter artikkel 15 har den registrerte rett til innsyn i eigne personopplysningar.

Personvernforordninga artikkel 16 gir den registrerte rett til å få retta personopplysningar om seg sjølv, og artikkel 17 gir den registrerte rett til å få sletta personopplysningar om seg sjølv. Artikkel 19 inneheld reglar om underretningsplikt ved retting, sletting og avgrensing etter artikkel 16 til 18. Den behandlingsansvarlege skal sjølv sørje for å underrette alle mottakarar som har fått utlevert personopplysningar, om at retting, sletting eller avgrensing er utført, med mindre dette viser seg å vere umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg.

Det følgjer av artikkel 21 nr. 1 at den registrerte til kvar tid, av grunnar knytt til den særlege situasjonen for vedkomande, skal ha rett til å protestere mot behandling av personopplysningar om vedkomande, og som har grunnlag i artikkel 6 nr. 1 bokstav e) eller f), inkludert profilering med grunnlag i nemnde føresegner.

Det kjem fram av personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav e), jf. nr. 2, at den behandlingsansvarlege er ansvarleg for at personopplysningar som gjer det mogleg å identifisere dei registrerte ikkje blir lagra lengre enn det som er nødvendig for føremåla med behandlinga av opplysningane.

Når det gjeld barn, er utgangspunktet etter personvernforordninga at barn og vaksne har same rettar i samband med behandling av personopplysningar. Det følgjer likevel av punkt 38 i fortalen til forordninga at personopplysningane til barn fortener eit særleg vern, sidan barn kan vere mindre klar over aktuelle risikoar, konsekvensar og garantiar, og dei rettane dei har når det gjeld behandling av personopplysningar. Forordninga inneheld enkelte spreidde artiklar og fortalepunkt om behandling av personopplysningane til barn, men gir ingen samla einskapleg regulering av temaet.

### **11.2.2 Oppslag mot Folkeregisteret**

Folkeregisteret er eit sentralt personregister for Noreg. For utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret, skil lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering (folkeregisterlova) mellom ikkje-teiepliktige opplysningar i folkeregisterlova § 10-1, og teiepliktige opplysningar i § 10-2. Utlevering av teiepliktige opplysningar etter § 10-2, til dømes kven som er foreldre til eit barn, krev særskild heimel i lov.

Offentlege styresmakter som har heimel i lov til å innhente opplysningar frå Folkeregisteret, kan gjere dette utan hinder av teieplikt. Det er føresett i Prop. 164 L (2015–2016) punkt 18.4.4 at heimelen må kome fram av den aktuelle særlova.

## **11.3 Departementet sine vurderingar**

### **11.3.1 Behovet for ei føresegn om behandling av personopplysningar**

Det følgjer av artikkel 6 nr. 3 i personvernforordninga at behandling av opplysningar som enten er nødvendig for å oppfylle ei rettsleg forplikting for den behandlingsansvarlege, eller som er nødvendig for å utføre ei oppgåve i interessa til allmenta eller for å utøve offentlig styresmakt, må fastsetjast i unionsretten eller i den nasjonale retten til

medlemsstatane. I forarbeida til den nye personopplysningslova er det lagt til grunn at det som eit utgangspunkt ikkje er nødvendig at det supplerande rettsgrunnlaget uttrykkjeleg regulerer behandlinga av personopplysningar, og at det er tilstrekkeleg at det supplerande rettsgrunnlaget i nasjonal rett indirekte føreset ei behandling av personopplysningar.

Krisesentera behandlar regelmessig personopplysningar som er svært personlege og som òg kan vere sensitive, og kan omfatte opplysningar om mellom anna helseforhold og straffbare forhold. I tillegg vil barn og foreldre som er på krisesenter ofte vere i ein sårbar og utsett livssituasjon, og ikkje alltid i stand til å ta vare på eigne interesser og behov.

Både frå eit personvernperspektiv og i praksis, er dagens ordning med å nytte samtykke frå den eller dei opplysningane gjeld som rettsleg grunnlag, jf. personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav a, ueigna. Samtykke er generelt ikkje eit ønskjeleg grunnlag for offentlege styremakter si behandling av personopplysningar, då det ujamne styrkeforholdet kan medføre tvil om den reelle frivilligheita. Dette er omsyn som tilseier at tilgangen til å behandle personopplysningar bør regulerast i ei eiga føresegn i lova.

Innføring av behandlingsgrunnlag i lov inneber at det ikkje lenger skal innhentast samtykke frå brukarane. På krisesenterområdet blir personopplysningar behandla som ledd i utøving av offentlig myndigheit pålagd ved lov, og av omsyn til utføring av oppgåver i allmenta si interesse, og kan difor heimlast i forordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e og i artikkel 9 bokstav g. Å regulere tilgangen til å behandle personopplysningar i krisesenterlova kan bidra til auke forståinga for korleis behandlinga av personopplysningar skal skje.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at det blir innført ei ny føresegn i krisesenterlova om tilgangen til å behandle personopplysningar, og viser til lovutkastet til krisesenterlova ny § 5 a.

Departementet viser til at personopplysningane det her er tale om, kan gjelde både teiepliktige og ikkje-teiepliktige opplysningar. Det blir understreka at teiepliktreglane etter krisesenterlova, jf. forvaltningslova, vil utgjere ein sjølvstendig skranke for innhenting og utlevering av teiepliktige opplysningar. Det betyr at dersom opplysningane ein ønskjer å innhente er underlagd lovfesta teieplikt, må spørsmålet om innhenting og utlevering av opplysningane bli avgjorde etter dei føresegnene om teieplikt som gjeld etter krisesenterlova, jf. forvaltningslova.

### **11.3.2 Føremålet med behandlinga av personopplysningar**

Etter departementet si vurdering bør det overordna føremålet med behandlinga av opplysningane bli lovfesta i krisesenterlova. Departementet foreslår difor at føresegna blir utforma slik at dei organa som utfører oppgåver etter lova skal kunne behandle personopplysningar når dette er nødvendig for å utøve styresmakt eller for å utføre andre oppgåver etter lova. Fordi krisesentera i mange samanhengar er avhengige av å behandle særlege kategoriar personopplysningar og opplysningar om straffbare forhold, foreslår departementet at det i føresegna òg blir vist til personvernforordninga artikkel 9 og 10.

I samsvar med krava i forordninga føreslår departementet at det i føresegna blir presisert at personopplysningar berre kan behandlast når dette er «nødvendig». Presiseringa inneber at det ikkje skal innhentast eller på annan måte bli behandla fleire opplysningar enn det som trengst for føremåla, og at opplysningane skal vera relevante og ha sakleg samanheng med det føremålet som blir søkt oppnådd ved behandlinga. Dette inneber at opplysningane enten åleine eller sett i samanheng med andre opplysningar må kunne ha betydning for å ta vare på føremålet.

Departementet viser til krisesenterlova ny § 5 a første ledd.

### **11.3.3 Behandlingsansvarlege**

Kven som er behandlingsansvarleg for ei konkret behandling av personopplysningar er regulert i forordninga artikkel 4 nr 7. Krisesentertilbodet er organisert noko ulikt i kommunane, og i praksis har spørsmålet om kven som er behandlingsansvarleg skapt nokre utfordringar, særleg der tenesta ikkje er ein del av den kommunale verksemda, sjå punkt 2.3.

Departementet legg til grunn at det er kommunane som skal vere behandlingsansvarlege for behandlinga av personopplysningar knytte til dei oppgåvene dei er pålagde og utfører etter lova, jf. lovutkastet til krisesenterlova ny § 5 a første ledd.

### **11.3.4 Private aktørar**

Departementet føreslår at det blir presisert i lovføresegna at private som utfører oppgåver etter denne lova blir omfatta av føresegna, jf. lovutkast til krisesenterlova ny § 5 a andre ledd.

### **11.3.5 Heimel til å fastsetje forskrift om behandling av personopplysningar**

Etter departementet si vurdering er det behov for å fastsetje ei forskrift med utdjupande føresegner om behandlinga av personopplysningar. Departementet føreslår difor at det i ny føresegn om behandling av personopplysningar blir gitt ein heimel til å fastsetje forskrift som mellom anna opnar for ein vidare utdjuping av føremåla. Ei slik forskrift kan innehalde nærmare føresegner mellom anna om krisesentera si behandling av personopplysningar og føremålet med behandlinga, kva personopplysningar som kan behandlast, og tilgangen til vidarebehandling og utlevering av personopplysningar. Vidare kan det vere behov for å fastsetje kven som er behandlingsansvarleg der det til dømes er uklart kven som har behandlingsansvaret, eller der det oppstår eit behov for å plassere behandlingsansvaret ein annan stad, til dømes når kommunen set ut, eller samarbeider med andre kommunar, om eit krisesentertilbod. Departementet viser til lovutkast til krisesenterlova ny § 5 a tredje ledd

Departementet legg til at behovet for å vidarebehandle og dele informasjon kan gjelde både teiepliktige og ikkje-teiepliktige opplysningar. Spørsmålet om innhenting og

utlevering av opplysningane må avgjerast etter dei føresegnene om teieplikt som gjeld etter krisesenterlova, jf. forvaltningslova, sjå òg ovanfor under punkt 11.3.1.

### **11.3.6 Oppslag mot Folkeregisteret**

For å gjennomføre oppgåvene etter krisesenterlova, vil det kunne vere nødvendig med oppslag i Folkeregisteret, til dømes for å få stadfesta teiepliktige opplysningar om kvar enkelt familie, barn eller forelder. Vidare vil det kunne vere behov for å gjere oppslag i teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret, mellom anna for å ta stilling til kven som har foreldreansvar.

For utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret, skil folkeregisterlova mellom ikkje-teiepliktige opplysningar i folkeregisterlova § 10-1, og teiepliktige opplysningar i folkeregisterlova § 10-2. Utlevering av teiepliktige opplysningar etter folkeregisterlova § 10-2, til dømes om kven som er foreldre til eit barn, krev særskild heimel i lov.

Offentlege styresmakter som har heimel i lov til å innhente opplysningar frå Folkeregisteret, kan gjere dette utan hinder av teieplikt. Departementet føreslår difor at det blir gitt ein heimel i krisesenterlova til at behandlingsansvarlege utan hinder av teieplikta kan innhente opplysningar frå Folkeregisteret som er nødvendig for å gjennomføre oppgåvene etter lova.

Departementet viser til lovutkastet til krisesenterlova ny § 5 b.

## **12 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Endringane som er føreslått i dette høyringsnotatet gir ikkje kommunane nye plikter etter krisesenterlova, men vil samla sett ha økonomiske konsekvensar for kommunane som ikkje følgjer lova godt nok i dag. Det følgjer av gjeldande regelverk at kommunane skal sørge for eit krisesentertilbod og dette er allereie kompensert gjennom rammetilskotet. Ei styrking av tilbodet for å gjere det i tråd med gjeldande lov må difor finansierast av kommunane innanfor gjeldande rammar. Dette gjeld forslaget om å lovfeste at kommunen skal sørge for likeverdige butilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte dagens butilbod. Det gjeld òg forslaget om ei ny føresegn om dei særskilde rettane til den samiske befolkninga.

Forslaget om å gjere tydelegare i lova at krisesentertilbodet skal omfatte oppfølging i reetableringsfasen *i samarbeid med andre deler av tenesteapparatet* vil kunne innebere ei dreining ved at hjelpa som blir gitt av krisesentera, blir flytta til at andre tenester som har eit ansvar for å følgje opp utsette på særskilde områdar. Talet dette gjeld er vurdert som lågt, og samla sett blir lovforslaget ikkje anteke å gi administrative og økonomiske konsekvensar av betydning for kommunane og andre samarbeidande tenester.

Forslaget om at det ikkje skal vere tilgang til å ta eigendeler ved opphald på krisesenter, kan ha økonomiske konsekvensar for eit av krisesentera, men ikkje av betydning.



Innføring av ei ny føresegn i krisesenterlova om tilgangen til å behandle personopplysningar, vil ikkje i seg sjølv ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Departementet viser til at spørsmålet om økonomiske eller administrative konsekvensar må bli vurdert og berekna i samband med utarbeiding av forskrifter, som må greiast ut og høyrast på vanleg måte.

Etter det departementet er kjend med har offentlege styresmakter, deriblant kommunar, tilgang til den «rettighetspakken» som inneheld alle teiepliktige opplysningar registrert i Folkeregisteret. Å gi tilgang til taushetsbelagt opplysningar til aktørar som ikkje allereie har tilgang til alle teiepliktige opplysningar, vil ha kunne ha økonomiske konsekvensar. Dersom dette blir aktuelt vil departementet konsultere Finansdepartementet om økonomiske og administrative konsekvensar.

### 13 Utkast til endringar i krisesenterlova

I lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova) blir desse endringane gjorde:

§ 2 skal lyde:

Kommunen skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod.

~~Tilbodet skal gi brukarane støtte, rettleiing, hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet og skal omfatte:~~

- a. eit krisesenter eller eit tilsvarende gratis, heilårs, heildøgns, trygt og mellombels butilbod, og
- b. eit gratis dagtilbod, og
- c. eit heilårs og heildøgns tilbod der personar nemnde i første ledd kan få råd og rettleiing per telefon, og
- d. oppfølging i reetableringsfasen *i samarbeid med andre delar av tenesteapparatet*, jf. § 4.

~~Tilbodet skal gi brukarane støtte, rettleiing og hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet. Tilbodet skal òg omfatte samarbeid med andre delar av tenesteapparatet, jf. § 4.~~

Enkeltpersonar kan vende seg direkte til krisesentertilbodet som nemnt i andre ledd, utan tilvising eller timeavtale. *Det kan ikkje krevjast eigendel for nokon del av tenesta.*

Kommunen skal sørge for god kvalitet på tilbodet, mellom anna ved at dei tilsette har kompetanse til å ta vare på dei særskilde behova til brukarane.

Butilbodet til kvinner og butilbodet til menn skal vere fysisk skilde.

Departementet kan gi forskrift om krav til kompetanse hos dei tilsette, krav til fysisk sikring av lokale og *krav til fysisk utforming av lokale.*

§ 3 skal lyde:

Kommunen skal sørge for at tilbudet så langt råd er blir lagt til rette slik at det kjem dei individuelle behova til brukarane i møte. *Viss tilrettelegging ikkje er mogleg, skal kommunen sørge for likeverdige alternative butilbod for brukarar som ikkje kan nytte butilbodet ved krisesenteret.*

*Dei særskilde rettane til samiske brukarar skal ivaretakast i krisesentertilbodet.*

Kommunen skal sørge for å ta vare på barn på ein god måte som er tilpassa dei særskilde behova deira, og skal også sørge for at barn får oppfylt dei rettane dei har etter anna regelverk.

Kommunen skal sørge for at brukarar av bu- og dagtilbodet får tilgang til kvalifisert tolk dersom det er nødvendig for at dei skal få eit fullgodt tilbod. Kommunen skal sørge for rutinar for kvalitetssikring, bestilling og betaling av tolketenester.

Ny § 5 a. Behandling av personopplysningar skal lyde:

Organ som utfører oppgåver etter denne lova kan behandle personopplysningar, òg personopplysningar som nemnt i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for å utføre oppgåver etter lova og ta vare på formålet i lova.

Føresegna omfattar òg private som utfører oppgåver etter denne lova.

Departementet kan gi nærmare reglar i forskrift om behandling av personopplysningar, mellom anna om formålet med behandling, behandlaransvar, kva personopplysningar som kan behandlast, tilgangen til vidarebehandling, utlevering, registerføring og tilgang til register.

Ny § 5 b. Tilgang til teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret skal lyde:

Styresmakter med ansvar etter denne lova, kan utan hinder av teieplikt innhente opplysningar frå Folkeregisteret som er nødvendige for å utføre oppgåver etter denne lova.